


# Viltet på Stord

Kartlegging av viktige viltområde  
og status for viltartane



Stord og Fitjar kommunar og  
Fylkesmannen i Hordaland  
2004



# Viltet på Stord

Kartlegging av viktige viltområde  
og status for viltartane

Stord og Fitjar kommunar og  
Fylkesmannen i Hordaland  
2004

MVA-rapport 3/2004



<b>Ansvarlege institusjonar:</b> Stord og Fitjar kommunar og Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernnavdelinga	<b>Rapport nr:</b> MVA-rapport 3/2004		
<b>Tittel:</b> Viltet på Stord. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane	<b>ISBN:</b> 82-8060-028-0 <b>ISSN:</b> 0804-6387		
<b>Forfattar:</b> Magnus Johan Steinsvåg og Olav Overvoll	<b>Tal sider:</b> 59		
<b>Prosjektansvarleg:</b> Magnus Johan Steinsvåg, Norsk Viltkompetanse	<b>Dato:</b> 29.03.2004		
<p><b>Samandrag:</b>  Etter initiativ frå Fylkesmannen si miljøvernnavdeling, har Stord og Fitjar kommune gjennomført revidering av eksisterande viltkart. Kommunane er kartlagt under eitt. Målet med kartlegginga har vore å gje kommunane ei oppdatert oversikt over viktige viltområde til bruk i arealforvaltinga. Det er òg eit ønskje at kartlegginga skal føre til ei auka interesse for vilt og viltforvalting, både i og utanfor kommunehusa. Medan det gamle viltkartet nesten utelukkande omhandla jaktbare artar, omfattar det nye kartverket alle viltartar i høve til det utvida viltomgrepet: Alle landlevande artar innan gruppene amfibiar, krypdyr, fugl og pattedyr. Det er lagt spesiell vekt på artar med økonomisk og rekreativ verdi (først og fremst hjortevilt), truga- og sårbare artar (raudlisteartar), område som er viktige for enkelte artar eller artsgrupper og område som er spesielt artsrike.  Kartverket er delt i fire tema: 1) Hjortevilkart, 2) småvilt, 3) opplysningar unntake offentlegheit og 4) prioriterte viltområde (viktige- og svært viktige viltområde). Sistnemnde kart vil vere det viktigaste i overordna plansamanheng. Viltrapporten er eit viktig supplement til karta og inneholder generelt stoff om viltforvalting, litt om korleis kartlegginga har blitt gjennomført, ein omtale av dei prioriterte viltområda og ei fullstendig oversikt over alle viltartar som er registrerte på Stord. To av karta er vedlagt: hjortevilkartet og prioriteringskartet.  Seks område på Stord er avmerka som svært viktige viltområde og åtte som viktige. I tillegg er det kartfesta nokre viktige trekkvegar og kryssningspunkt for hjort. Det er registrert 232 viltartar på Stord: 2 amfibiar, 2 krypdyrartar, 210 fugleartar og 18 pattedyrrartar.  Ein har hatt avgrensa ressursar til kartleggingsarbeidet og resultatet er av den grunn på ingen måte fullstendig. Dessutan kan situasjonen for viltet endre seg over tid, både naturleg og som ein følgje av tekniske inngrep og endra arealbruk. Det er derfor naudsynt å oppdatere kartverket med jamne mellomrom både for å fange opp endringar i arealbruk og ny kunnskap om viltet. Ein oppfordrar folk som sit inne med opplysningar eller finn feil og manglar ved kartverket, til å melde frå om desse til kommunen. Gjennom supplerande feltundersøkjinger og opplysningar frå lokalkjende, vonar ein at kartverket over tid kan bli både meir presist og meir komplett.</p>			
<p><b>Referanse:</b>  Steinsvåg, M.J. &amp; Overvoll, O. 2004. Viltet på Stord. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. – Stord og Fitjar kommunar og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 3-2004: 1-59.</p>			
<p><b>Emneord:</b>  Stord kommune, Fitjar kommune, viltkartlegging, biologi, zoologi, amfibiar, krypdyr, fuglar, pattedyr</p>			
Stord kommune Postboks 304 5402 Stord  Tlf: 53 49 66 00 Fax: 53 49 66 01  <a href="http://www.stord.kommune.no">www.stord.kommune.no</a>	Fitjar kommune Postboks 43 5418 Fitjar  Tlf: 53 45 85 00 Fax: 53 45 85 01  <a href="http://www.fitjar.kommune.no">www.fitjar.kommune.no</a>	Norsk Viltkompetanse v/ Magnus Johan Steinsvåg 5437 Finnås  Tlf: 53 42 19 97 Mob: 97 12 19 60  <a href="http://www.norskviltkompetanse.no">www.norskviltkompetanse.no</a>	Fylkesmannen i Hordaland Miljøvernnavdelinga Postboks 73105020 Bergen  Tlf: 55 57 22 00 Fax: 55 57 22 01  <a href="http://www.fylkesmannen.no/hordaland">www.fylkesmannen.no/hordaland</a> <a href="http://www.miljostatus.no/hordaland">www.miljostatus.no/hordaland</a>



## FORORD

Stortinget har vedteke (Stortingsmelding nr. 58, 1996-1997) at alle kommunane skal gjennomføra kartlegging og verdisetting av det biologiske mangfaldet (BM). Som ein del av dette arbeidet har Stord og Fitjar gjennomført ei kartlegging av viktige viltområde, og arbeidet med kartlegginga av naturtypar har starta opp.

Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernnavdelinga (FMMA) har sidan midt på 1980-talet arbeidd med viltkartlegginga som eit viktig ledd i viltforvaltinga. Kommunane har fått hovudansvaret for dette arbeidet, men samspelet med Fylkesmannen har vore viktig for å få ei mest mogleg eins kartlegging i dei ulike kommunane.

FMMA gav alt i 1998 melding om at Stord og Fitjar var prioritert med offentlege midlar til eit slik arbeid. Saka har lagt "på vent" nokre år, men i samband med at kommunane på Stordøya har utvikla eit stadig nærmere samarbeid innan landbruks- og miljøforvaltinga, var tida no inne for å ta opp hansen og starta arbeidet med viltkartlegginga for Stordøya.

For å sikra det faglege nivået på arbeidet med viltkartlegginga har kommunane leigd inn biolog Magnus Johan Steinsvåg frå Bømlo. Steinsvåg har etablert firmaet Norsk Viltkompetanse og har alt arbeidd ut tilsvarende plan for m.a. Bømlo kommune. Resultatet som no ligg føre, syner at Steinsvåg har mykje kunnskap om viltet på Stordøya også.

Viltregistreringane har i stor grad vore basert på intervju med lokale ressurspersonar som gjennom ei årrekke har arbeidd seg opp kunnskap om lokale viltførekomstar. Utan godt samarbeid med desse informantane, hadde det ikkje vore mogleg å kunna leggja fram dette dokumentet innanfor dei gitte rammene. Kommunane vil på det varmaste takka desse eldsjelene for godt samarbeid!

Sjølv om det tidlegare også har vore viltregistreringar på øya, er denne registreringa å sjå på som ein 1. generasjons plan. Det er heilt sikkert rom for betringar i desse registreringane. Det no er viktig at me klarar å få eit engasjement kring dette arbeidet og få ei endå betre registrering ved rulleringa av dokumentet om nokre år.

Frå kommunane si side vil me oppmoda til at registreringane/kunnskapen i dokumentet vert brukt på ein aktiv måte, både av innbyggjarane på øya og av andre som kan finna lærdom i materialet. Særleg ville det vore kjekt om den oppveksande generasjonen (skuleungdomen/studentane) kan nyta opplysningane som basis for utgreiingar innan natur- og miljøforvaltinga m.m.

Kommunane (administrasjonen og politikarane) vert også ein viktig brukar av kartlegginga, dette gjeld både innan den tradisjonelle arealforvaltinga (utarbeiding av planar m.m.), men også som ei viktig informasjonskjelde om kommunane.

Utanom tilskot frå Fylkesmannen si Miljøavdeling og lokale midlar frå Viltfonda i Stord og Fitjar, har grunneigarlaga og skogeigarlaga i kommunane gjeve tilskot til arbeidet. Dette syner at me har aktive grunneigarar som er og vert viktige medspelarar for ei framtidsretta forvalting av m.a. viltet i Stord og Fitjar.

Miljøvernnavdelinga v/Olav Overvoll har vore viktig å ha på laget, ei særstakks takk for samarbeidet så langt.

Stordøya har no fått eit godt viltkart, som gir ein god og samla oversikt over dei mest verdfulle områda for viltet. Vårt ynskje er at denne informasjonen skal verta nytta for å auka kunnskapen om naturen og føra til at me alle får større interesse for å ta vare på denne ressursen.

Stord/Fitjar 29.03.04

Arvid Helvik  
Stord kommune

Ove Gjerde  
Fitjar kommune



# INNHOLD

<b>FORORD .....</b>	<b>5</b>
<b>INNHOLD .....</b>	<b>7</b>
<b>1. INNLEIING .....</b>	<b>9</b>
BAKGRUNN .....	9
LOVGRUNNLAG .....	9
INTERNASJONALE KONVENTSJONAR .....	9
ANDRE SENTRALE DOKUMENT .....	10
KVIFOR SIKRE EIT MANGFALD AV VILTARTAR .....	10
<b>2. FRAMSTILLING OG BRUK AV VILTKART .....</b>	<b>11</b>
PRAKTISKE PROBLEM VED VILTKARTLEGGING .....	11
UTFORMING AV VILTKARTA .....	11
KORLEIS BRUKE VILTKARTA? .....	12
VILTRAPPORTEN .....	12
TILGANG TIL KARTFESTA INFORMASJON .....	12
OPPDATERING OG REVISJON AV VILTKARTA .....	12
<b>3. METODIKK FOR ARBEIDET PÅ STORD .....</b>	<b>13</b>
STYRING/ORGANISERING AV PROSJEKTET .....	13
<b>4. NATURGRUNNLAGET .....</b>	<b>14</b>
GEOGRAFISK PLESSERING OG AREALBRUK .....	14
LANDSKAP OG GEOLOGI .....	14
KLIMA .....	14
VEGETASJON .....	14
<b>5. SKILDRING AV VILTOMRÅDA PÅ STORD .....</b>	<b>15</b>
SVÆRT VIKTIGE VILTOMRÅDE .....	15
VIKTIGE VILTOMRÅDE .....	15
VIKTIGE TREKKVEGAR FOR HJORT .....	16
<b>6. TRUA OG SÅRBARE ARTAR PÅ STORD .....</b>	<b>20</b>
GENERELT OM TRUA OG SÅRBARE ARTAR .....	20
RAUDLISTER .....	20
<b>7. STATUS FOR VILTELSET PÅ STORD .....</b>	<b>23</b>
AMFIBIAR .....	23
KRYPDYR .....	23
FUGLAR .....	23
PATTEDYR .....	38
<b>8. BRUKARINTERESSER I NATUREN OG KONFLIKTAR I FORHOLD TIL VILTELSET .....</b>	<b>42</b>
SKOGBRUK .....	42
JORDBRUK .....	42
FRILUFTSLIV OG FERDSLAR .....	43
JAKT .....	43
FAUNAKRIMINALITET .....	43
BUSTADAR OG INDUSTRI .....	44
VEGAR .....	44
VASSDRAGSREGULERING .....	44
KRAFTLEIDNINGAR .....	44
AVFALL .....	44
OPPDRETTSANLEGG .....	45
<b>9. INFORMANTAR .....</b>	<b>45</b>
<b>10. LITTERATUR .....</b>	<b>46</b>
<b>11. ARTSLISTE .....</b>	<b>49</b>
<b>12. KART .....</b>	<b>55</b>



# 1. INNLEIING

## BAKGRUNN

Naturområda våre blir i aukande grad utsett for inngrep av ulike slag. Utbygging av bustadfelt, industri og andre naturinngrep utgjer eit stadig større press på areala. I denne samanheng er det viktig å kunne integrere viltinteressene i planarbeidet. Bakgrunnen for å lage eit viltkartverk er først og fremst eit ønske om at viltinteressene i større grad skal bli tatt omsyn til i arealforvaltinga, mest på lokalt nivå gjennom kommuneplanen sin arealdel, men også på regionalt- og nasjonalt nivå. Dei offentlege brukarane av kartverket vil først og fremst vere kommunen, Fylkeskommunen, Fylkesmannen og Direktoratet for naturforvaltning.

Det er også eit ønske at viltkartverket skal bidra til å auke kunnskapen og interessa for vilt blant kommunen sine innbyggjarar. Derfor er det viktig at kart og viltrapport blir tilgjengeleg for skular og naturinteresserte i kommunen.

Tidlegare viltkart har vore prega av einsidig fokusering på det jaktbare viltet. Dei nye viltkarta er meir omfattande og skal i prinsippet omfatte alle viltlevande landpattedyr, fuglar, amfibiar og krypdyr. Dette er i tråd med det såkalla utvida viltomgrepet, jamfør viltlova sin § 2. Det er ikke økonomisk mogleg å kartleggje alle viltartar, det er heller ikke praktisk forvaltningsmessig sett. Derfor er det i kvar kommune gjort eit utval over kva artar og artsgrupper ein ut frå lokale, forvaltningsmessige omsyn meiner det er viktig å få kartlagt. Typiske døme er vinterbeite og viktige trekkvegar for hjort, hekkeplassar for rovfugl, spellassar for storfugl, sjøfuglkoloniar, våtmarkslokalitetar og spettelier (skogslier med gammal skog, eldre ospeholt og god tilgang på død ved). Førekomstar av trua- og sårbarer artar står sjølv sagt også sentralt. På denne måten ønsker ein å kartfeste område som er av særskilt verdi for ulike viltartar, og som ein derfor bør ta spesielle omsyn til i arealplanlegginga.

## LOVGRUNNLAG

At ein skal ta omsyn til viltet og viltet sine leveområde er grunnfesta i lovverket. Viltlova er den mest sentrale, men fleire andre sektorlover har relevans for viltforvaltinga.

- *Viltlova* legg rammer for forvaltninga og utøving av jakt og fangst. Sentralt står føremålsparagrafen, §1, som fastslår at *viltet og viltet sine leveområde* skal forvaltaast slik at naturen sin produktivitet og artsmangfald blir

bevart. §7 fastset at *omsynet til viltinteresse-ne skal innpassast i den oversiktleplanlegginga i kommune og fylke*. Inn-passing av viltinteressene i arealplanlegginga krev solid kunnskap om viltet i det aktuelle planområdet. Kunnskapen om ulike funksjonsområde må vere kartfesta, slik at arealplanleggjarar i sitt daglege arbeid kan ta dei naudsynte omsyn. Viltlova fastset også at *vedkommande myndig-heit på eit tidleg stadium i planlegginga skal søke samarbeid med viltorgana*.

- *Plan- og bygningslova* pålegg kommunen m.a. å utarbeide kommuneplanar for arealdisponeringa der alle samfunnsinteresser, også viltinteressene, skal vurderast.
- *Skoglova* legg rammene for bruk og utnytting av skogarealet. Lova sitt føremål er å fremje skogproduksjon, skogreising og skogvern, men lova fastslår også at det skal leggjast vekt på skogen sin funksjon som livsmiljø for planter og dyr og som område for jakt og fiske. I Hordaland er ein relativt liten del av arealet skogkledd (ca. 17%), men skogsmiljøa er viktige viltbiotopar. Forvalting og drift av desse områda er derfor svært viktige i viltforvaltingssamanhang.
- *Naturvernlova*. Områdevern og vern av enkeltobjekt skjer med heimel i naturvernlova. Områdevern er eit viktig verkemiddel for å sikre spesielle naturområde.
- *Friluftslova* skal først og fremst avklare forholdet mellom grunneigarar og friluftsfolk, men lova nemner også at ferdsel i utmark skal foregå omsynsfullt overfor grunneigarar, brukarar og andre. Ein skal derfor også ta omsyn til viltet ved ferdsel i skog og mark.
- *Lov om motorferdsel i utmark* har som utgangspunkt at motorisert ferdsel i utmark skal vere forbode. Lova sitt føremål er å regulere motorferdsel i utmark og vassdrag "med sikte på å verne om naturmiljøet og fremme trivselen". To tilhøyrande forskrifter av 1988 er også sentrale her.

## INTERNASJONALE KONVENTSJONAR

Noreg har ratifisert (underteikna og gitt si tilslutting til) fleire internasjonale avtalar som er sette i verk for å sikre det biologiske mangfaldet. Internasjonale avtalar forpliktar også på lokalt plan, fordi det er her den praktiske forvaltninga finn stad.

- *Ramsarkonvensjonen* (1975) gjeld vern av våtmarksområde, særleg med tanke på fuglar.

- *Washingtonkonvensjonen* – CITES (1975) regulerer den internasjonale handelen med trua og sårbare viltartar.
- *Bernkonvensjonen* (1979) har som føremål å verne europeiske artar av ville dyr og plantar, og leveområda deira.
- *Bonnkonvensjonen* (1979) gjeld vern av trua og sårbare viltartar som regelmessig kryssar landegrensene (trekkjande artar).
- *Riokonvensjonen* eller *biodiversitetskonvensjonen* (1993) legg opp til nasjonale prosesser der partane sjølv må identifisere biologisk mangfald som krev bevaringstiltak. Partane er dessutan forplikta til å utvikle nasjonale strategiar for berekraftig bruk og bevaring av biologisk mangfald. Riokonvensjonen er den som i størst grad har konsekvensar på lokalt plan fordi den understrekar verdien av lokalt biologisk mangfald. Denne konvensjonen har truleg vore ei viktig årsak til at den nasjonale forvaltninga ønskjer å satse på ei landsdekkjande, kommunevis kartlegging av biologisk mangfald.

## ANDRE SENTRALE DOKUMENT

Fleire dokument utgjevne av styresmaktene er sentrale i forhold til viltforvalting. Gjennom stortingsmeldingane gir styresmaktene uttrykk for korleis ein ønskjer å forme politikken på spesielle område i åra framover. Her uttrykkjer ein gjerne politiske målsetjingar og kva verkemiddel ein vil setje i verk får å nå desse.

- St. melding nr. 13 (1992-93) om FN konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro
- St. prp. 56 (1992-93) Om samtykke til ratifisering av konvensjonen om biologisk mangfald
- St. melding nr. 31 (1992-93) Den regionale planleggingen og arealpolitikken
- Miljøverndepartementet sitt rundskriv til kommunane (T-937) "Tenke globalt - handle lokalt"
- St. melding nr.58 (1996-97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtidia.
- St. melding nr. 8 (1999-2000) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand
- St. melding nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald. Sektoransvar og samordning

## KVIFOR SIKRE EIT MANGFALD AV VILTARTAR

Grunnen til at vern av viltet har blitt gjenstand for både internasjonale- og nasjonale lovverk og avtalar er mange, men dei fleste er bygde på erkjenninga at vi sjølv er ein del av naturen og er heilt avhengige av naturprodukt for å overleve. Grovt sett kan argumenta delast inn i tre hovudgrupper:

- *Økonomiske- og materielle argument*: Menneska har til alle tider vore avhengig av viltet for å overleve, og i nyare tid har viltet mange stader blitt ein viktig økonomisk ressurs. Sjølv om ikkje alle dyrearter er like viktige økonomisk og materielt i dag, kan andre artar kanskje få stor betydning for oss i framtida. Eit *genetisk mangfald* er også viktig for menneska si materielle og økonomiske utvikling. Husdyra våre er framavla frå eit fåtal ville artar. Ved stadig seleksjon på enkelte eigenskapar dukkar det alltid opp uforutsette problem, ved at visse uønskte eigenskapar følgjer dei ønskete eigenskapane. Seleksjon på eit fåtal eigenskapar fører òg til tap av genetisk variasjon. Ville populasjonar kan i denne samanheng vere naudsint som kjelde til "nytt" genetisk materiale. Genforsking på ville dyr kan også være viktig i samband med vidare husdyravl fordi det hjelper oss til å forstå dei naturlege seleksjonsmekanismene.
- *Kulturelle- og estetiske argument*: Storviltjakta kan vere ein økonomisk viktig ressurs, men det er neppe økonomien som er drivkrafta bak jegeren sin motivasjon for å drive jakt. Jakt har lange kulturelle tradisjonar, og det å drive jakt er kanskje òg ein del av mennesket sin nedarova biologi. Både for jegeren og andre natur- og friluftsinteresserte, er opplevinga av naturen i seg sjølv ofte det viktigaste. Og sjølv om særinteressene er mange, er eit mangfald av viltartar ofte ei kjelde til rikare naturoppleving.
- *Etiske- og moralske argument*: Mennesket er den einaste dyrearten som med fullt medvit kan utrydde andre artar, dette gir oss eit særskilt ansvar. Mange hevdar at alle levande organismar har den samme retten til eksistens, uavhengig av om dei synes til nytte eller skade for mennesket. Vi har også eit ansvar i forhold til framtidige generasjonar sine moglegheiter for naturbruk og naturopplevingar.

## 2. FRAMSTILLING OG BRUK AV VILTKART

### PRAKTISKE PROBLEM VED VILTKARTLEGGING

Dei ulike viltartane set ulike krav til leveområdet sitt. Leveområdet skal dekke fleire funksjonar, først og fremst næring, hekke-/ynglelass og skjul. Nokre artar er spesialiserte, medan andre artar er meir tilpasningsdyktige og kan finnast i ei rekke ulike biotopar. Enkelte små plante- og insektetarar kan klare seg med leveområde på berre nokre titals kvadratmeter, medan t.d. hønsehauken gjerne brukar eit areal på 20-50 km<sup>2</sup>. Dei store rovdyra er ekstreme i sitt krav til storleik på leveområde. T.d. reknar ein med at ei familiegruppe av gaupe (ho med to ungar) treng eit leveområde på ca. 500 km<sup>2</sup>. Einslege hanngauper kan ha leveområde som er opptil 1500 km<sup>2</sup>.

Det som først og fremst bestemmer storleiken på leveområdet er næringstilgangen. Kor stort leveområde eit individ eller eit ynglepar med ungar treng kan variere geografisk, alt etter lokal næringstilgang. For mange artar forandrar kravet til leveområde seg også med årstidene, både når det gjeld storleik og kvalitet.

Desse momenta gjer viltkartlegginga komplisert og det er umogleg å fange opp alle viktige funksjonsområde for alle artar. Ein har derfor vore nøyd til å gjere eit utval. Utvalet er gjort ut kunnskap om dei ulike viltartane sin biologi og førekommst i kombinasjon med praktiske omsyn. Enkelte område er relativt enkle å avgrense, som t.d. viktige våtmarksområde, faste hekkeplassar og spellassar. Det er mykje verre å avgrense ein art sitt leveområde, og ei slik avgrensing må bli skjønsmessig. Når det gjeld leveområde har ein lagt vekt på å kartfeste område for arealkrevjande og/eller fātalige artar med spesielle biotopkrav. Slike artar det knyter seg ofte store forvaltungsmessige utfordringar til fordi leveområda, grunna storleiken, ofte blir utsette for fragmentering (blandt dei mest aktuelle artane i Hordaland er villrein, hønsehauk, storfugl, kvitryggspett).

### UTFORMING AV VILTKARTA

Alle kommunar som har gjennomført viltkartlegging har dei kartfesta opplysningane på digital form. På denne måten kan kartdata lett tilpassast kommunen sitt kartinnsynsverktøy og kommunen kan framstille kart med ulike tema etter behov.

Ved utskrift av viltkart er det vanleg å dele informasjonen på fire temakart:

1) **Hjortevilt.** Oversikt over hjorteviltet sine viktigaste beiteområde og trekkvegar (på Stord er

hjort den einaste aktuelle arten). Når det gjeld beiteområde for hjort kan enkelte vinterbeiteområde vere viktige å kartfeste. Dette gjeld helst i område der det er sannsynlig at tilgang på vinterbeite kan vere ein minimumsfaktor i snørike vintrar.

2) **Småvilt.** Oversikt over viktige førekommstar og funksjonsområde for småviltet. I praksis dreier denne informasjonen seg stort sett om fuglar. Men spesielt viktige førekommstar av amfibiar kan også vere viktig å kartfeste (t.d. alle førekommstar av stor salamander og særleg store ynglelassar for frosk og padde).

3) **Skjerma opplysningar.** Nokre opplysningar er untatt offentlegheit fordi det kan tenkast at opplysningane kan bli misbrukt og at allmen kjennskap til dei kan vere til skade for den aktuelle viltarten. Dette gjeld m.a. hekkeplassar for enkelte rovfugleartar og spellassar for storfugl og orrfugl. Opplysningane er tilgjengelige for saks-handsamarar i kommunen og hos Fylkesmannen, og vil først og fremst bli nytta i tilfelle der ein står framfor konkrete arealinngrep.

4) **Prioriterte viltområde.** Dette temaet er framstilt med grunnlag i dei tre andre og viser område der viltet bør ha høg prioritet. Kartet over prioriterte viltområde vil vere det viktigaste når det gjeld å trekke opp dei store linjene i arealplanlegginga. Ein deler dei prioriterte viltområda i to kategoriar; svært viktige viltområde og viktige viltområde.

#### Svært viktige viltområde

Dette er område som ut frå artsførekommstar og funksjon blir vurderte å vere spesielt viktige. I desse områda bør viltinteressene bli tillagt avgjerande vekt i arealplanlegginga. Tekniske inngrep som fører til forringing av områda sin verdi for viltet er uønskt. Det same gjeld tiltak som fører til auka ferdsel og forstyrningar i området. Ved planlegging av tiltak eller aktivitetar i slike område er det viktig at viltansvarlege på kommunale og fylkesnivå blir kontakta tidleg i planprosessen slik at negative konsekvensar blir så små som mogleg.

#### Viktige viltområde

Også i desse områda bør ein gi viltinteressene høg prioritet i arealsaker. Desse områda har ikkje like avgjerande kvalitetar for viltet som dei svært viktige viltområda. Likevel gjeld dei same retningslinjene her.

Også i områda utanfor dei prioriterte viltområda pliktar ein å ta normale omsyn til viltet (jamf. Viltlova)!

Mange mindre område som ikkje har kome med i viltkartlegginga kan likevel reknast som verdfulle viltbiotopar. Dette gjeld til dømes område med frodig skog i kantar mot kulturmark, kantskog langs elvar og bekkar, mindre vatn/tjørn og område med rik lauvskog i kulturlandskapet. Sjølv om desse områda ikkje er viste på viltkartet, er det viktig å vere klar over verdien slike område kan ha både som leveområde og såkalla spreiingskorridorar for viltet.

### KORLEIS BRUKE VILTKARTA?

Viltopplysningane kan ha mange bruksområde, men er først og fremst tenkt brukt i kommunal arealforvalting. Oversikta over prioriterte viltområde eignar seg best når dei store linjene i kommuneplanarbeidet skal trekkest. Dei prioriterte viltområda tyder ikkje vern, men bør sjåast på som ein "ver varsam plakat", der ein ønskjer at viltinteressene skal bli tekne særskilt omsyn til. Dersom det likevel skal gjerast større arealinngrep i slike område, bør dei meir detaljerte opplysningane frå dei andre temakarta nyttast for å prøve å gjere konfliktane så små som råd. I mange tilfelle vil det vere naudsynt med supplerande undersøkjingar i forkant av større arealinngrep. Dette gjeld særleg der dei underliggande artsopplysningane er usikre og mangelfulle.

Dei prioriterte viltområda legg ikkje formelle restriksjonar på vanleg næringsverksemd som t.d. skogsdrift. Men ved planlegging av større inngrep i slike område oppfordrar ein den enkelte grunneigar til å ta særlege omsyn og å rádføre seg med personar med fagkompetanse innan viltbiologi. Også i slike tilfelle vil det ofte vere naudsynt med supplerande undersøkjingar.

### VILTRAPPORTEN

Viltrapporten er ein viktig del av viltkartverket. Her finn ein mellom anna ein kort omtale av dei viktigaste viltområda med ei grunngjeving for kvifor dei har fått høg prioritet. I tillegg blir alle dei ulike artane som er registrert i kommunen omtala. Nokre artsomtalar gir viktig bakgrunn for å kunne sette artsinformasjonen på karta i rett perspektiv.

Viltrapporten bør gjerast tilgjengeleg for alle som jobbar med arealplanlegging i kommunen, t.d. teknisk kontor og landbrukskontoret, og kan med fordel delast ut til skular, organisasjonar og interesserte einskildpersonar.

### TILGANG TIL KARTFESTA INFORMASJON

Viltkarta er først og fremst meint å vere ein reiskap til bruk i arealplanlegginga. Kommunen er derfor viktigaste brukar, men også anna offentleg og privat forvalting vil kunne bruke denne datasetta i ulike samanhengar. Det er eit ønskje at den enkelte grunneigar skal ta omsyn til biologisk mangfold på sin grunn. Aktuelle grunneigarar skal derfor informerast og få tilgang til relevante opplysningar. Skular bør få tilgang til rapport og kart til bruk i lokalundervisninga. Relevante lag, organisasjonar eller enkeltpersonar vil, gjennom kjennskap til kart og rapport, kunne kome med konstruktive innspel til endringar og ny informasjon.

Gjennom Fylkesmannen si miljøvernavdeling og Direktoratet for naturforvaltning blir datasetta fagleg vurderte og lagt inn i Naturbasen. Naturbasen er ein nasjonal database for kartfesta naturinformasjon som no er tilgjengeleg over internet.

### OPPDATERING OG REVISJON AV VILTKARTA

Jamleg oppdatering av viltkartverket er viktig for å 1) påføre ny kunnskap og 2) fange opp eventuelle endringer i viltet sin bruk av arealet, anten det skuldast naturlege endringer eller endringar som følge av tekniske inngrep. Det blir anbefalt ein årlig gjennomgang av kartverket i samråd med Fylkesmannen for påføring av nye opplysningar eller korrigeringar. Det blir også anbefalt ein hovudrevisjon kvart fjerde år, i samband med revisjon av kommuneplanen.

Fordi ein har hatt avgrensa ressursar til kartleggingsarbeidet kan ikkje resultatet reknast som fullstendig. Det er fullt mogleg at enkelte område som burde ha blitt klassifisert som prioriterte viltområde kan ha blitt oversett eller at enkelte prioriterte viltområde har fått for vid avgrensing. Ved kartfestinga er det òg gjort skjønsmessige vurderingar, som nok kan vere gjenstand for diskusjon. Gjennom revideringar, som både inkluderer informasjon frå publikum og feltarbeid utført av fagfolk, vonar ein at presisjonen i viltkartverket vil kunne forbetraast med tida.

Både kommunen og fylkesmannen si miljøvernavdeling tek gjerne imot ny informasjon!

### 3. METODIKK FOR ARBEIDET PÅ STORD

#### STYRING/ORGANISERING AV PROSJEKTET

Viltkartleggjar og prosjektansvarleg har vore Magnus Johan Steinsvåg, Norsk Viltkompetanse. Kommunale kontaktpersonar for prosjektet har vore skogbruks -og miljøsjef Ove Gjerde ved Fitjar kommune og leiar for eining landbruk Arvid Helvik ved Stord kommune. Avgrensing og vekting (verdivurdering) av kartfesta område har blitt gjort av viltkartleggjaren i samarbeid med fylkesmannen si miljøvernnavdeling.

#### INNSAMLING AV INFORMASJON

Feltarbeid, innsamling og kartfesting av viltopplysningar har blitt gjennomført av viltkartleggjaren. Følgjande informasjonskjelder er nytta:

- Opplysningar fra fylkesmannen si miljøvernnavdeling
- Intervju med lokale personar med kunnskap om viltet i kommunen
- Arkivmateriale og eldre viltkart
- Litteratur
- Norsk hekcefuglatlas (nettdatabasen)
- Eigne feltregistreringar (15 dagar)

#### UTARBEIDING AV RAPPORTEN

Viltrapporten sin spesielle del er skreven av Magnus Johan Steinsvåg. Olav Overvoll ved fylkesmannen si miljøvernnavdeling har skreve kapittel 1, 2, 6 og delar av kapittel 8.

Artlista er utarbeid på grunnlag av generell kunnskap om fuglefaunaen i kommunen, opplysningar frå Zoologisk Museum Bergen og gjennomgang av litteratur. Ein del av opplysningane er funne ved gjennomgang av "Krompen", Norsk Ornitoligisk Foreining sitt regionaltidskrift for Hordaland.

#### KARTFRAMSTILLING

Manuskarta er digitaliserte av Fylkesmannen si miljøvernnavdeling etter manuskart i målestokk 1:50 000 utarbeidd av viltkartleggar. I nokre tilfelle er det nytta digitale markslagskart ved vurdering av områdegrenser.

Den generelle metoden for kartframstilling er skildra i DN-handbok 11 (DN 1996). Her legg ein opp til at karta over prioriterte viltområde blir framstilt ved såkalla overleggsanalyse. Denne metoden er ikkje brukt i Stord. Her er avgrensinga av prioriterte viltområde gjort med fagleg skjøn, på grunnlag av opplysningar om artsførekommstar og kunnskap om dei aktuelle artane sine habitatkrav.



I tillegg til å intervju lokal ressurspersonar med kunnskapar om viltet, har registreringar i felt vore ein viktig del av kartleggingsarbeidet. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

## 4. NATURGRUNNLAGET

### GEOGRAFISK PLASSERING OG AREALBRUK

Øya Stord ligg midt i Sunnhordland i innløpet til Hardangerfjorden og omfattar kommunane Stord og Fitjar. Nabokommunane er Bømlo i sørvest, Sveio i sør, Kvinnherad og Tysnes i aust og Austevoll i nord. Dei største tettstada- ne er Leirvik (ca. 11.000 innb.), Sagvåg (3.300) og Fitjar (1200).

Arealet av Stord og Fitjar kommunar er på høvesvis  $144 \text{ km}^2$  og  $145 \text{ km}^2$ . Med eit landareal på  $241,2 \text{ km}^2$  er Stord den nest største øya i Hordaland (berre Osterøy er større).

I begge kommunane utgjer jordbruksareal i drift omlag 6% av totalarealet. Produktiv skog utgjer 28% av arealet i Fitjar og 36% i Stord.

### LANDSKAP OG GEOLOGI

På mange måtar er øya Stord eit Noreg i miniatyr, med kyst og skjergard og større skog- og fjellområde. Høgaste punkt er Mehemannarsåta (749 moh.) i Stord nær grensa mot Fitjar. Samanlikna med t.d. det oppstykka kystlandskapet i nabokommunen Bømlo, er Stordøya meir kompakt. Her er det i hovudsak Fitjarøyane i nordvest som bidrar med det klassiske ytre kystlandskapet.

Øya Huglo finn ein aust i Stord kommune. Den er  $13,2 \text{ km}^2$  og har mange av dei same naturtypane som Stordøya. Topografien og landskapet på Huglo liknar mykje på det ein finn på Stordøya, men delar av Huglo skil seg ut med mykje kalkgrunn som gjev godt grunnlag for eit rikt planteliv.

Geologisk sett kan ein grovt seie at ein i Fitjar finn harde bergartar som granitt og gabbro, medan medan Stord har meir sedimentære bergartar, særleg sør i kommunen. Dette skiljet i bergrunnen går langs ei temmeleg bein linje mellom Dyvika og Agdestein (Rabben 2000) og gir seg tydelege utslag både i topografi og vegetasjon. Dei sedimentære bergartane i låglandet på Stord gjev grunnlag for mange krevjande planteartar. Dei harde bergartane er sure og næringsfattinge og tilbyr generelt dårlegare vektstilhøve.

### KLIMA

At Stordøya ligg så langt mot vest gjer at vegetasjonen i stor grad vert påverka av nærliek til havet. Klimaet vert kalla oseansk eller kystklima, og er kjenneteikna ved milde vintrar, kjølege somrar og mykje nedbør. Gjennomsnittstemperatur for kaldaste månad i låglandet på Stord er  $1^\circ\text{C}$  (februar) og varmas-

te månad  $14^\circ\text{C}$  (juli og august). Årsmiddeltemperaturen er  $7.2^\circ\text{C}$ . Årsnedbøren er 1600-2000 mm og det regnar vanlegvis minst i mai og mest i september.

### VEGETASJON

Barskogen er dominerande skogtype på Stord. Særleg i Stord kommune finn ein større furuskog med gode vekstforhold. Delar av skogen er nokså gammal med store grove tre. I Ådlandskogen er enkelte tre opptil 300 år (Benonisen 1997). I enkelte skogområde er det òg innslag av purpurlyng, som er avhengig av det heilt vestleg havpåverka klimaet som ein finn yts langs vestlandskysten. Elles vert skogbotnen dominert av einer, blåbær og røsslyng. Barskogen byrjar å minka når ein kjem nordover og eit stykke inn i Fitjar kommune. Her vert landskapet meir ope med lynchøi og jordbruksområde, og skogen er i større grad planata.

Av edellauvskogar finn ein den største svartorskogen i Noreg på Hystad i Stord kommune. Her er det òg andre varmekjære treslag, som barlind, kristtorn og bergflette. Elles er eik, ask og hassel relativt vanlege treslag mange stader, særleg i dei sørlege delane av Stord. Det er òg innslag av alm og lind.

Store delar av bergrunnen på Huglo og Storsøy (nord for Huglo) er kalkgrunn. Dette gjev næringsrik jord og eit godt grunnlag for mange planteartar som strandlauk, hjartegras og kantkonvall, her finn ein dessutan mange orkidéar (Benonisen 1997).

Digernes skil seg ut som eit spesielt produktivt skogområde, og mykje av skogen er dominert av gamal furuskog, med innslag av kristtorn, lind og andre edellauvtræ i sørhellingsane. Området er elles rikt på orkidéar, særleg flekkmarihand og vårmarihand. Skogfrue og skjelrot finst òg i dette området.

Ein relativ stor del av Stordøya er areal over tregrensa. I slike område finn ein meir fjellprega artar. På Mehemannarsåta og Grønafjellet veks reinrose og fjellsmelle som er typiske for høgfjellet (Benonisen 1997, Rabben 2000). I slike høgareliggjande område kan ein òg finne andre fjellartar som t.d. dvergbjørk og molte (Rabben 1997). Store delar av fjellområda vart tidlegare mykje nytta som utmarksbeite. Slik bruk av området har blitt mindre med åra og bjørka har etterkvart byrja å ta over landskapet. I enkelte dalar og lier som t.d. Børveitdalen finst det bjørkeskog med enkelte tre av store dimensjonar (Benonisen 1997).

## 5. SKILDRING AV VILTOMRÅDA PÅ STORD

Gjennom viltkartlegginga er det avgrensa 14 prioriterte viltområde i Stord og Fitjar: 6 særleg viktige- og 8 viktige viltområde. I det følgjande blir kvart einskild viltområde gitt ein kort omtale. Nummera på dei ulike viltområda refererer til områdenummera på viltkartet (Kart 2).

Fleire av dei prioriterte områda er relativ store. Innan desse områda er det registrert fleire viktige funksjonsområde for arealkrevjande og sårbare artar (stirlom og kongeørn i fjellet og hønsehauk, storfugl og kvitryggspett i skog). Desse artane er avhengige av store areal av den aktuelle naturtypen og avgrensinga er gjort med tanke på dette. Ei fragmentering av desse områda vil kunne føre til forringing av leveområda til dei aktuelle artane, både som ei følge av dårlegare tilgang på eigna leveområde og auka forstyrring.

### SVÆRT VIKTIGE VILTOMRÅDE

#### Område 1. Fitjarøyane

Større marint område med holmar, skjer og større og mindre øyar, med få og små tekniske innlegg. Sjølv om tettleiken av sjøfugl truleg ikkje er spesielt høg, er storleiken på området interessant i seg sjølv. Området inneholder både hekkeholmar og grunne sund som eignar seg for næringssök. To havørnpar er påvist hekkande i området og i 2002 vart det påvist hekking av kongeørn. At kongeørna hekkar i skjergården er ikkje vanleg. Hubro hekkar sannsynleg i området. Måsar hekkar på fleire av holmane og tjuvjø vart påvist hekkande sommaren 2002. Tjuvjøen var tidlegare ikkje uvanleg som hekkefugl i Hordaland, men no hekkar kanskje berre 2-3 par årleg i fylket. Lengst nordvest i Fitjarøyane ligg Eggholmen sjøfuglreservat. Tidlegare var det ein nokså stor måsekoloni på denne holmen, med alle dei fire vanlege artane, men hekkebestanden har blitt redusert i løpet av 1990-åra (Byrkjeland 1999). Siste teljing i 1998 synte at gråmåse, svartbak, fiskemåse og ternar framleis hekka. Status per 2003 er ikkje kjent.

#### Område 2. Aravatnet-Svartavatnet i Stord

Relativ kupert fjellområde med fleire større vatn. I lavareliggjande delar finn ein m.a. eldre lauvskog med mykje død ved og potensielle reirtre for spettefugl. Hekkande kvitryggspett er m.a. sist registrert sommaren 2002. Dei større vatna er beiteområde for stirlom, som òg hekkar i dette området. Dette opne fjellområde er dessutan viktig jakt- og hekkeområde for kongeørn. Dette er det einaste stabile hekkeområdet for kongeørn på Stord.

#### Område 3. Rutle-Rydland

Større, kupert furuskogområde. Mykje av skogen er eldre naturleg furuskog på høg bonitet, med godt innslag av død ved og lauvtre. Fleire hekkeområde for gråspett og kvitryggspett er kartfesta. To par med hønsehauk og eit musvåkpar er konstatert hekkande. Delar av området vert rekna som viktig vinterbeite for hjort. Det varierte skoglandskapet er viktig som leveområde for storfugl. Det er i dei attverande naturskogsområda ein finn dei største kvalitetane for viltet.

#### Område 4. Grov-Vatnadalen-Iglatjødno

Større barskogområde på god bonitet. Rik skogmosaikk med innslag av myrar og ulike lauvtre. Mindre oreskogar i bekkedrag. Enkelte stadar finn ein større grove eiketre. Den gamle, produktive skogen har god tilgang på død ved og kvitryggspetten har hekka i dette skogområdet i lang tid. Sist registrerte hekking var i 2002. Det er registrert to territorie for hønsehauk og ein spellass plass for tiur i området. Storfuglbestanden blir rekna som god. Området kring Agdestein vert rekna som eit viktig vinterbeiteområde for hjort.

#### Område 5. Digernes

Område med eldre furuskog på god bonitet. Det finst òg innslag av edellauvtre som hassel og lind, og enkelte gamle, store eiker. Den gamle skogen har bra innslag med død ved, noko som gjer området attraktivt for spettar. Kvitruggspett er registret hekkande. Også hønsehauk hekkar fast i området og storfuglkull vert jamnleg observert på forsommaren. Området er beiteområde for hjort, særleg vinterstid.

#### Område 6. Sævarhagsvikjo

Større strandområde med evje og leirbotn som vert tørrlagd ved fjøre. Viktig raste- og beiteområde for ender og vadefuglar. I 1989 vart det bygd ei stor småbåthamn i Sævarhagsvikjo, og området vart redusert frå ca. 65 da til ca. 45 da. Men Sævarhagsvikjo er framleis ein av dei "beste" vadarlokalisjonane i fylket. 25 vadefuglartar er observert på lokaliteten (Heggland 2003). Dei vanlegaste artane er sandlo og myrsnipe; medan dvergsnipe, brushane, lappspove og gluttsnipe vert jamleg observert.

### VIKTIGE VILTOMRÅDE

#### Område 7. Levåg-Færæya

Variert område med både furuskog, lauvskog, brakkvatn og sjøområde. Store delar av skogen er tilplanta med gran, men det finst fram-

leis parti med eldre furuskog med rikt lauvinnslag. Dvergspetten er m.a. registrert som hekkefugl (Ole Berge Helland pers. medd.). Hønsehauken har også hatt fast hekkeplass området i ei årrekke.

Færøya er hekkeplass for måsar og i dag ser dette ut til å vere ein av dei største gråmåsekoloniane i fylket. Under siste teljing, i 1993, vart det registrert 50 par med gråmåse, 4 par svartbak, 2 par sildemåse, 6 par fiskemåse samt 2-3 par med tjeld. I mai 1993 vart det observert ca 100 ærfugl på denne lokaliteten (FMVA).

Sommaren 2002 vart det registrert hekkande grågås ved Pollen. Grågåsa er også sett på Stora Færøy, men hekking her er usikkert.

#### *Område 8. Vestbøstadtdjørna naturreservat*

Vegetasjonsrik tjørn tilknytt eng og beitemark. Rundt vatnet ligg eit belte av myr. Vestbøstadtdjørna er verna som naturreservat og viktig som hekke- og rasteområde for våtmarksfugl. Årvisse hekkefuglar er stokkand, krikkand, sivsongar og sivsporv (Helland 2003). Utanom hekketida er brunnakke, toppand og kvinand vanlege og songsvane og sivhøne er årlege gjestar. Elles er lista over meir sporadisk rastande våtmarksfuglar lang, av dei meir interessante kan nemnast dvergdykker, knekkand, skjeiland, stjertand, taffeland, bergand, tundragås, kortnebbgås og sothøne. Området er elles eit mogleg hekkeområde for myrikse, som er hørt her i hekketida, og sannsynleg overvintringslokalitet for vannrikse.

#### *Område 9. Rimbareidjørna naturreservat*

Grunn, vegetasjonsrik tjørn med stor næringsførsel frå jordbruksområdet. Lokaliteten er verna som naturreservat og er viktig som hekke- og rasteområde for fugl. Det førebels einaste hekkefunnet av dvergdykker i Hordaland vart gjort her i 1998. Arten er observert her fleire år, men utan at hekking har blitt konstatert. Årvisse hekkefuglar er stokkand, krikkand, storspove, vite, enkeltbekkasin, raudstilk, sivsongar og sivsporv (Helland 2003). Vinterstid er m.a. songsvane og vannrikse faste innslag. Meir uvanlege artar er sivhøne, sothøne og grashoppesongar.

#### *Område 10. Storeviktjørna*

Rik tjørn i nærlieken av dyrka mark. Det er bra med vegetasjon kring vatnet. Lokaliteten har mange av dei same kvalitetane som område 8 og 9, men er nok ikkje like rikt. Sivsongar og sivsporv er registrert som hekkefuglar, medan andefugl som stokkand og krikkand er sannsynlege hekkefuglar.

#### *Område 11. Nordretjørna-Midttjørna*

Mindre vatn tilknytt jordbruksområde. Det er rik sivvegetasjon langs kanten av Nordretjørna. Viktig hekke- og rasteområde for våtmarksfugl. Hekkeområde for m.a. sivsongar og sivsporv. Sannsynleg hekkeområde for vannrikse i tillegg til stokkand og krikkand. Som rasteområde er tjørnane viktige for ulike andefuglar, vannrikse og sporadisk myrikse.

#### *Område 12. Storavatnet i Stord*

Stort vatn nær busetnad med omkringliggende skog. I den vestlege delen av vatnet er det mange små, gunne vikar og små holmar som truleg er med på å gjøre vatnet attraktivt for våtmarksfugl. Vatnet er viktig som rasteområde for trekkande andefugl som songsvane, toppand og kvinand. Nær hovudvegen i sør er det ein liten utløpar med takrøyra som har funksjon som overnatningsplass for trekkjande låvesvaller. Vatnet er sannsynleg hekkeområde for både stokkand og krikkand. Dei store holmane i vatnet er kledd med furuskog. Eldre furuskog finn ein også kring den austlege delen av vatnet. Her er hønsehauken registrert som hekkefugl.

Om Storavatnet fortener ein plass på prioritieringslista kan diskuterast. Fleire andre vatn på Stord er truleg like viktige for våtmarksfugl. Dei mange små vikane og holmane er imidlertid spesielle, og overnatningslokaliteten for låvesvale er den einaste kjende på Stord. Skogområdet i aust er utvilsomt viktig sidan området er ein tradisjonell hekkelokalisering for hønsehauk. Fleire undersøkingar og registreringar i dette området er ønskjeleg.

#### *Område 13. Leiro på Huglo*

Stor, langgrunn strand omgjeven av skog, berg og beitemark. Stranda vert i hovudsak nytta som rasteplass for rastande vadefugl. Området har dei same kvalitetane som Sævarhagsvikjo (Lok. 6), og er i tillegg større. Grunna tyngre tilgjenge, er ikkje Leiro like hyppig besøkt av ornitologar og det føreligg derfor færre registreringar frå dette området.

#### *Område 14. Brandvikneset.*

Barskogområde med godt innslag av lauvtre og død ved. Hekkeområde for kvitryggspett. Hekking konstatert m.a. i 1999 og 2002.

### **VIKTIGE TREKKVEGAR FOR HJORT**

Hjorten er vanleg over heile Stord og hjortestiar finst på kryss og tvers nær sagt over alt i skogområda. Hjorten er nok ganske fleksibel når det gjeld trekkevegar og det skal mykje til at vår eigen arealbruk legg hindringar i vegen for hjorten sine vandringer. I forvaltningsemessig

samanheng er det særleg viktig å vere merksam på trekk der hjorten har få alternativ der som ei trekkrute blir sperra, og område der dyra ofte kjem i land etter kryssing av fjord. Nokre trekkruter og viktige kryssingspunkt for hjort på Stord er teikna inn på hjorteviltkartet (Kart 1). Kor presist desse trekkrutene er avmerka varierer nok ein del.

*A. Digernes-Stua-Mennene*

Trekk frå vinterbeiteområde ved Digernes, går forbi Stua og nordover og over Mennene.

*B. Agdestein-Liene-Mennene*

Trekk frå vinterbeiteområde kring Agdestein, går forbi Liene, opp Vatnadalens og over fjellet til Fitjar.

*C. Hovland-Svartavatnet-Kråbekken*

Trekk frå Hovland, går over fjellet ved Svartavatnet og ned ved Kråbekken ved Rimbareid.

*D. Søretjødno-Njoten*

Trekk som går frå liene kring Njoten og vestover mot Søretjødno. Kryssar vegen i 80-sone.

*E. Liarbø-Melssåta*

Trekket går får sommarebeite i høgareliggende område kring Melssåta, til vinterbeite i lavlandet kring Rydland.

*F. Storsøy*

Går frå Huglo, over Storsøy til Tysnes.

*G. Grov*

Trekk mellom dagleie og beiteområde. Kryssningspunkt på vegen ved Grov.

*H. Lunde*

Trekk mellom dagleige og beiteområde. Kryssningspunkt på vegen ved Lunde.

*I. Saneset*

Trekk mellom dagleie og beiteområde. Kryssningspunkt på vegen ved Åland.

*J. Rundehaugstjødno*

Trekk som kryssar vegen i skogdominerte område mellom Rydlandsago og Vekstlio.

*K. Tveita*

Trekk mellom dagleie og beiteområde. Kryssningspunkt på vegen ved Tveita.

*L. Årskog*

Trekk mellom dagleie og beiteområde. Kryssningspunkt på vegen ved Årskog.

*M. Gloppevatnet*

Trekket kryssar vegen ved nordenden av Gloppevatnet.

*N. Levåg*

Trekk mellom dagleie og beiteområde. Kryssningspunkt ved Levåg.

*O. Levåg*

Trekk mellom dagleie og beiteområde. Kryssningspunkt ved Engjavika.



Å ta vare på dei store, samanhengande naturområda, er viktig for viltmangfaldet på Stord. Inngrep i leveområde kan ofte få konsekvensar ut over arealinnngrepet i seg sjølv. Isolering og oppstykking av leveområda kan ha uheldige verknader på dei lokale viltbestandane, og i verste fall føre til at enkelte arealkrevjande artar forsvinn. Biletet syner fjellområda kring Kongsskogsvatnet, eit relativt intakt naturområde. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.



Ved små, rike tjørn og kulturmark finn ein ofte eit stort mangfald av viltartar. Både rikser, vadefuglar, andefuglar og ulike sporvefuglar trivst ved slike vatn. Den geografiske plasseringa av slike biotopar nær kysten, gjer dei òg attraktive som rasteplassar for trekkande artar. Rimbareidtjørna og Vestbøstadttjørna er verna nettopp fordi dei er særleg viktige for trekkfuglar. Landskapet kring Rydland er spesielt fordi det utgjer ein mosaikk av kulturmark, mindre vatn og skogteigar. Dette er eit typisk musvåklandskap, og det første hekkefunnet av denne rovfuglen i Hordaland vart konstatert nettopp i dette området. Området vert elles rekna som eit viktig vinterbeiteområde for hjort. På biletet ser ein Midtjønna ved Rydland. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.



Store delar av arealet som har blitt kartfesta som svært viktige viltområde er skogareal, ofte eldre furukog på høg bonitet. Fleire arealkrevjande viltartar er knytte til denne biotopen. Hønsehauk, kvitryggspett og storfugl er dei mest aktuelle. Skogbruksnæringa har eit viktig ansvar, når det gjeld å ta omsyn til desse artane. Fotoet syner eit hønsehaukreir i eldre, hogstpåverka furuskog i Fitjar. Lysninga i skogen i bakgrunnen er eit nyare hogstfelt. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.



Inste Sørlivatnet. Fjellområde utgjer ein stor del av areala på Stord. I dei fleste større vatna kan ein sjå storlom på jakt etter fisk, og minst eit par har hekka fast i desse fjellområda. Ovanfor skoggrensa kan ein treffe på typiske fjellartar som heilo, fjellvåk samnt både lirype og fjellrype. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.



Sjølv om den nye småbåthamna har hatt negativ effekt på fuglelivet i Sævarhagsvikjo, vert lokaliteten framleis rekna som ein av dei beste vadarlokalitetane i Hordaland (Heggland 2003). 25 vadefuglartar er observert på lokaliteten. I tillegg er 3 terneartar, 17 andeartar og 7 måseartar observert (Heggland 2003). Av vadefuglane er dei vanlegaste artane sandlo og myrsnipe; medan dvergsnipe, brushane, lappspove og gluttsnipe jamleg vert observert. Lokaliteten har funksjon som både rasteplass under trekket og overvintringsområde. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

## 6. TRUA OG SÅRBARE ARTAR PÅ STORD

### GENEREKT OM TRUA OG SÅRBARE ARTAR

Mange plante- og dyrearter er naturleg sjeldne, men mange er i tilbakegang som følge av menneskeleg aktivitet. Her er lista opp nokre viktige typar trugsmål mot biologisk mangfald:

*Handel med ville dyr* er den tredje største illegale marknaden på verdsbasis og særleg i tropiske strøk kan samling vere eit problem for allereie fatalige artar. I vårt land er slik ulovleg handel i første rekke knytt til rovfuglar og då særleg vår største falk; jaktfalken.

*Intensiv jakt eller forfølging* har ført til at enkelte dyrearter har blitt utrydda eller gått kraftig tilbake. Døme frå vårt land er fjellrev og dei store rovdyra gaupe, ulv, bjørn og jerv.

*Miljøgifter* utgjer eit alvorleg trugsmål mot enkelte artar. Rovdyr er spesielt utsette, fordi giftstoffa blir meir konsentrerte for kvart ledd i næringskjeda. Vandrefalken er eit klassisk døme på dette: Bruk av DDT i landbruket førte til at vandrefalken fekk problem med reproduksjonen (eggskalfortynning), og bestanden gjekk kraftig tilbake. Etter at bruken av DDT vart forbode har bestanden tatt seg opp att og er framleis i vekst.

*Innføring av framande artar.* På mange av Stillehavøyane står mange bakkerugande fuglearter i ferd med å forsvinne som ei følge av introduksjon av katt og rotter. I vårt land er minken eit døme på introduksjon av ein art som har fått uheldige følgjer (Minken er opprinnelig ein nordamerikansk art som vart importert til Noreg som pelsdyr). Mange sjøfuglkoloniar på øyar nærfastlandet lid periodevis store tap grunna minken sin predasjon på egg og ungar.

*Øydelegging av naturtypar og leveområde.* Det hjelper lite å verne artar dersom ein samtidig ikkje vernar områda artane er avhengige av. Her i landet er problemstillinga først og fremst aktuell i samband med reduksjon i arealet av våtmark og gammalskog og bortfall av enkelte kulturlandskapstypar som følge av endra driftsformer i landbruket.

*Innføring av framande artar og øydelegging av leveområde* blir rekna som dei største trugsmåla mot biologisk mangfald.

### RAUDLISTER

For å oppnå større fokus på artar som er sjeldne, truga eller i tilbakegang, er det utarbeidd spesielle oversikter over slike artar med ei vurdering av dagens status (bestand og bestandsutvikling). Det er dette som blir kalla raudlister. IUCN (International Union for the Conservation of Nature) gir ut slike lister på verdsbasis og mange land har gitt ut nasjonale raudlister. Den offisielle norske raudlista blir utgitt av Direktora-

tet for Naturforvaltning. Dei siste åra har også enkelte Fylkesmenn utgitt fylkesvise (regionale) raudlister. Meininga med slike raudlister er å rette fokus på regional bestandssituasjon og dermed sikre at tiltak blir gjennomført for å sikre levedyktige bestandar også på lokalt og regionalt plan. Nokre artar på den nasjonale raudlista kan vere relativt vanlege regionalt og lokalt. I slike tilfelle har det aktuelle fylket eller den aktuelle kommunen eit særskilt forvaltingsansvar. Ei raudliste kan også innehalde artar som er i framgang, men som i nær fortid har hatt sterkt reduserte bestandar (t.d. havørn).

Raudlistene må reviderast relativt ofte etterkvart som kunnskapen om artane aukar (situasjonen for enkelte artar kan også endre seg relativt raskt). Nasjonale raudlister blir gjerne reviderte kvart femte år. Raudlista denne rapporten byggjer på er *Nasjonal rødliste for truede arter i Norge 1998* (DN 1999). Det er også utarbeidd ei regional raudliste for Hordaland: *Handlingsplan for truete og sårbare viltarter i Hordaland* (Danielsen 1996). Dei ulike kategoriane ein finn i den siste utgåva av den nasjonale raudlista er definerte under.

#### *Utrydda - Ex (Extinct)*

Artar som har forsvunne som reproduserande i landet. Omfattar vanlegvis artar som ikkje har vore påvist dei siste 50 åra. "Ex?" angir artar som har forsvunne for mindre enn 50 år sidan.

#### *Direkte truga - E (Endangered)*

Artar som står i fare for forsvinne i nær framtid dersom dei negative faktorane fortset å virke.

#### *Sårbart - V (Vulnerable)*

Artar med sterkt tilbakegang, som kan gå over i gruppa direkte trua dersom dei negative faktorane fortset å virke.

#### *Sjeldan - R (Rare)*

Artar som ikkje er direkte trua eller sårbare, men som likevel er i ein utsatt situasjon, fordi dei er knytt til eit avgrensa geografisk område eller ein liten bestand med spreidd og sparsam utbreiing.

#### *Omsynskrevjande - DC (Declining, care demanding)*

Artar som ikkje tilhører føregåande kategoriar, men som grunna tilbakegang krev spesielle omsyn og tiltak.

#### *Bør overvakast - DM (Declining, monitor species)*

Artar som har gått tilbake, men som ikkje vert rekna som trua. For desse er det grunn til å halde eit øye med bestandssituasjonen.

#### *Ansvarsartar*

Ei raudliste inneheld også ei oversikt over såkalla ansvarsartar. Dette gjeld artar som det aktuelle landet har eit spesielt forvalningsansvar for, fordi store delar av bestanden på gitte tidspunkt oppheld seg i landet. Ansvarsartar treng ikkje vere sjeldne eller truga. Døme på norske ansvarsartar som er vanlege er fjellrype og bergirisk.

**Tabell 1.** Raudlista viltartar på Stord.

Status i Noreg	Artar	Førekomst i Stord og Fitjar	Moglege lokale trugsmål
Direkte truga (E)	Åkerrikse Sørlig gulerle	Tidlegare hekkefugl Mogleg sjeldan hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Moderne jordbruk (m.a. tidleg slått)</li> <li>•</li> </ul>
Sårbar (V)	Hønsehauk	Mellom 5 og 10 hekkande par	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Redusert areal av gamal furuskog</li> <li>• Hogging av reirtre</li> <li>• -</li> </ul>
	Jaktfalk	Enkelte observasjonar vinterstid	<ul style="list-style-type: none"> <li>• -</li> </ul>
	Vandrefalk	Mogleg hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> <li>• -</li> </ul>
	Lomvi	Fåtalig vintergjest	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oljesøl, drukning i fiskegarn</li> </ul>
	Hubro	Fåtalig hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kraftliner</li> <li>• Forstyrring ved reirplass</li> <li>• Attgroing av lynchei</li> <li>• -</li> </ul>
	Snøugle	Ein tilfeldig observasjon	<ul style="list-style-type: none"> <li>• -</li> </ul>
	Vendehals	Fåtalig hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Reduksjon av beitemark og skogsbeite?</li> </ul>
	Kvitryggspett	Fåtalig hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Reduksjon av gammalskog</li> <li>• Mangel på stående død ved</li> <li>• Kraftliner</li> </ul>
Sjeldan (R)	Songsvane	Årviss vintergjest	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bortfall av grunne ferskvassområde</li> </ul>
	Stjertand	Sjeldan og sporadisk trekkjest	<ul style="list-style-type: none"> <li>• -</li> </ul>
	Skeiand	Sjeldan trekkjest	<ul style="list-style-type: none"> <li>• -</li> </ul>
	Lappfiskand	Sjeldan og sporadisk trekkjest	<ul style="list-style-type: none"> <li>• -</li> </ul>
	Kongeørn	Fåtalig hekkefugl, 2 reirområde er registrert	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Faunakriminalitet</li> <li>• Forstyrring på hekkeplass</li> <li>• -</li> </ul>
	Fiskeørn	Fåtalige observasjonar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Jordbruk og redusert våmarksareal</li> </ul>
	Vannrikse	Sannsynleg hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Jordbruk og redusert våmarksareal</li> </ul>
	Myrrikse	Mogleg hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Jordbruk og redusert våmarksareal</li> </ul>
Omsynskrevjande (DC)	Smålom	Mogleg fåtalig hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Drukning i fiskegarn</li> </ul>
	Storlom	Fåtalig hekkfugl	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Drukning i fiskegarn</li> <li>• Vassdragsregulering</li> <li>• -</li> </ul>
	Sædgås	Sjeldan trekkjest	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Redusert areal av gammal furuskog</li> </ul>
	Havørn	Fåtalig hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forstyrring på hekkeplass</li> <li>• -</li> </ul>
	Dobbeltbekkasin	Sjeldan trekkjest	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oljesøl og drukning i fiskegarn</li> </ul>
	Lunde	Sjeldan vintergjest	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Redusert areal av eldre lauv- og blandingsskog</li> </ul>
	Gråspett	Fåtalig hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Mangel på død ved</li> <li>• Reduksjon av eldre lauvblandningskog</li> <li>• Mangel på død ved</li> </ul>
	Dvergspett	Fåtalig hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Reduksjon av eldre lauvblandningskog</li> <li>• Mangel på død ved</li> </ul>
Bør overvakast (DM)	Bergand	Fåtalige observasjonar, særleg vinterstid	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oljesøl og drukning i fiskegarn</li> </ul>
	Havelle	Fåtalig vintergjest	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oljesøl og drukning i fiskegarn</li> </ul>
	Svartand	Vintergjest	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oljesøl og drukning i fiskegarn</li> </ul>
	Sjøorre	Fåtalig vintergjest	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oljesøl og drukning i fiskegarn</li> </ul>
	Teist	Fåtalig hekkefugl?	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oljesøl og drukning i fiskegarn</li> </ul>
	Piggsvin	Relativ vanleg	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Påkøyrlar</li> </ul>
	Dvergflaggermus	Truleg relativ vanleg	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Uvisst</li> </ul>
	Oter	Sjeldan	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Drenering og fylling av bekkar</li> <li>• Drukning i fiskegarn</li> </ul>

**Tabell 2.** Norske ansvarsartar på Stord.

. Årstid	Art	Norsk del (%) av europeisk bestand	Førekomst i Stord og Fitjar
Hekkebestand	Havørn	45	Truleg opp mot 5 hekkande par
	Jaktfalk	38	Streifgjest
	Fjelltype	42	Relativ fåtalig hekkefugl
	Myrsnipe	55	Trekk gjest
	Lappspove	45	Relativ fåtalig trekk gjest
	Raudstilk	35	Vanleg hekkefugl
	Svartbak	31	Relativ fåtalig hekkefugl
	Lunde	33	Sjeldan vintergjest
	Skjærpiplerke	88	Fåtalig hekkefugl
	Bergirisk	59	Vanleg hekkefugl
Vinterbestand	Storskarv	30	Trekk og vintergjest
	Toppeskav	25	Vanleg vintergjest
	Siland	30	Relativ vanleg hekkefugl
	Fjøreplytt	60	Sporadisk trekk gjest
Heile året	Oter	Minst 25	Sjeldan



Havørna vart freda freda i 1968, men fram til då "lukkast" det nesten å utrydda arten frå kystområda våre. I dag har bestanden tatt seg kraftig opp att, og Noreg har opp mot 50% av den totale europeiske bestanden. Havørna vert difor rekna som ein ansvarsart for Noreg, og er i tillegg oppført som omsynskrevjande på den nasjonale raudlistan. Under "Prosjekt Havørn" har Magne Sleire og Tore Wiers følgt med bestandsutviklinga og ringmerka ungfuglar, Sleire heilt sidan midten av 1980-talet. Her er Tore Wiers i gong med å ringmerka to ungfuglar som ramla på bakken etter at reiret raste ned pga. sterk vind. På grunn av lite vegetasjon på reirplassen lukkast det foreldra å lette/lande på bakken for å mate ungane, og ungane overlevde. På Stord er det berre i Fitjar at ein har konstaterert havørn som hekkefugl. Sommaren 2003 "produserte" dei hekkande para to ungar kvar, noko som er over gjennomsnittet. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

## 7. STATUS FOR VILTELÉT PÅ STORD

### AMFIBIAR

#### Frosk *Rana temporaria*

Relativ vanleg art over store delar av Stordøya.

#### Padde *Bufo bufo*

Vanleg art i både Stord og Fitjar, og truleg meir talrik enn frosk.



Padde. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

### KRYPDÝR

#### Stålorm *Anguis fragilis*

Stadvis vanleg art i begge kommunane.

#### Hoggorm *Vipera berus*

Vanleg, og truleg utbreidd over det meste av Stordøya.

### FUGLAR

Blant landlevande virveldyr står fuglane i ei særstilling når det gjeld utbreiing og artsrikdom. I Stord og Fitjar er det registrert 210 fugleartar. Av desse er vel 100 registrerte som hekkefuglar.

Dei varierte naturtypane på Stord gjev grunnlag for eit mangfold av artar. Og særleg hjá fuglane er det observert eit stort tal artar. Stordøya si geografiske plassering ved kysten er gunstig med tanke på trekkfuglar. Mange artar rastar i visse delar av kommunen eller vert observert på trekk ute i havgapet. Det er i hovudsak hobbyornitologane på Stord og Fitjar som har bidratt til at fuglefaunaen på Stordøya har blitt betre kjent.

#### Kvalitetssikring av fugleobservasjonar

Å artsbestemme fuglar i felt kan ofte vere svært vanskeleg, sjølv for erfarte ornitologar. Enkelte artar er svært like av utsjänad, og faktorar som lysforhold, observasjonsavstand og obsevasjonstid gjer artsbestemminga ofte

svært vanskeleg. For å kvalitetssikre fugleobservasjonar har Norsk Ornitologisk Forening, NOF, derfor oppretta ekspertutval som vurderer innrapporterte observasjonar. Det regionale/fylkesvise organet for kvalitetssikring heiter **LRSK** (Lokal rapporterings- og sjeldenhetskomite), og det finst ein slik kommite i kvart fylke. Enkelte artsfunn må imidlertid godkjennast av ein nasjonal komité **NSKF** (Norsk Sjeldenhetskomité for fugl). Det er utarbeidd lister over kva artar som krev godkjenning av desse komiteane. Artsfunn blir publiserte i årlege rapportar i lokaltidsskriftet for NOF Hordaland, Krompen, av LRSK og i NOF sitt nasjonale tidsskrift, Fauna Norvegica, av NSKF. Desse publikasjonane inneholder òg observasjonsdato, observasjonsstad og namn på observatør.

Denne viltrapporten følgjer NOF sin praksis på dette feltet. Blant artar som krev godkjenning er derfor berre artar med funn godkjent av LRSK eller NSKF omtala og rekna som ofisielle. For desse blir det i dei fleste tilfelle referert til aktuelle publikasjonar frå sjeldanhetiskomiteane. For enkelte uvanlege eller spesielle observasjonar som ikkje krev godkjenning, er det referert til andre skriftlege kjelder eller til observatør. Observasjonsdataar for den enkelte art er ikkje nødvendigvis komplett, men er meint å vere konkrete døme på når arten er observert.

Meir stoff om LRSK sitt arbeid finn du på NOF-Hordaland sine internetsider. Her er det m.a. lagt ut oppdaterte lister over artar som må godkjennast og rapporteringsskjema for nedlasting: <http://cyberbirding.uib.no/nof/lrsk/>.

### LOMMAR

#### Smålom *Gavia stellata* Omsynskrevjande (DC)

Fåtalig og uregelmessig vintergjest. M.a. 1 juv. i Kyvikjo 27/11-2003 og 1 ad. same stad 28/11-2003. Arten hekkar i motsetning til storlom ofte i små fisketomme vatn, men ein kjenner ikkje til hekking på Stord.

#### Storlom *Gavia arctica* Omsynskrevjande (DC)

Fåtalig hekkefugl, truleg berre eit par. Sist konstatert hekking i 2002 (Vidar Lillevik pers. medd.). Hekkar til vanleg på små flate holmar i større, fiskerike innsjøar.

## DYKKARAR

### Dvergdykker *Tachybaptus ruficollis*

Fåtalig vintergjest, men er også observert i hekketida i Rimbareidtjørna. Vart konstatert hekkande på lokaliteten i 1998 (Falkenberg 1999), dette er det einaste hekkefunnet av arten i Hordaland. Sannsynleg hekking på same lokalitet i 1999 (Falkenberg 2000).

### Gråstrupedykker *Podiceps grisegena*

Enkelte observasjonar føreligg frå haust og vinter i begge kommunane. M.a. observert i Kyvik 31/12-1997 (Falkenberg 1998).

### Horndykker *Podiceps auritus*

Sjeldan gjest i vinterhalvåret (NOF-Hordaland 1997). Hekkar normalt frå Trøndelag og nordover.



Horndykkaren er ein sjeldan vintergjest i Fitjar. Denne er fotografert i Trøndelag. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

## STORMFUGLAR

### Havhest *Fulmarus glacialis*

Eit individ funne skoten i Sævarhagsvikjo 30/9-1972 (NOF-Hordaland 1997). Næraste registrerte hekking av havhest er gjort på Låterøy heilt sør i Bømlafjorden sommaren 1999. Pelagisk art som nok kan observerast på næringssøk og streif i havområda vest for Fitjarøyane.

### Havsvale *Hydrobates pelagicus*

Eit ind. funne havaret på M/S Bergen utanfor Stord 5/11-1999 (Falkenberg 2000). Arten vert sjeldan observert då den lever mesteparten av livet langt til havs og berre kjem til land for å hekke. Det er sannsynleg at havsvala årleg driv næringssøk i farvatn utanfor Fitjarøyane.

## PELIKANFUGLAR

### Havsule *Sula bassana*

Kun enkelte observasjonar (NOF-Hordaland 1997). Kanskje størst moglegheit å sjå arten på næringssøk og streif om hausten, i havområdet vest for Fitjarøyane. Næraste hekkeplass er Runde på Sunnmøre.

### Storskav *Phalacrocorax carbo* Ansv. vinterbestand

Vanleg trekk- og vintergjest. Hekkar frå Trøndelagskysten til Finnmark.

### Toppskarv *P. aristotelis* Ansvarsart vinterbestand

Relativ vanleg vintergjest. Hekkar m.a. i fleire koloniar i Bømlo kommune. På 1960-talet hekka det toppskarv på Eggholmen i Fitjar (Rimmereid 1997).



Vinterstid kan ein sjå både storskav og toppskarv på holmar og skjer på vestlandet. Av skarvane er det berre toppskarven som hekkar i Sunnhordland, medan storskarven hekkar frå Trøndelag og nordover. Likevel er det storskarven som er mest talrik om vinteren rundt Stord og elles i Hordaland. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

## STORKEFUGLAR

### Rørdrum *Botaurus stellaris*

Eit individ funnen død januar 1996 på Huglo (Høyland, Heggland & Mjøs 2000). Totalt tre funn i Hordaland. Arten har naturleg utbreiing lenger sør i Europa.

### Gråhegre *Ardea cinerea*

Relativ vanleg hekkefugl. Hekkar i koloniar fleire stadar i både på Stord og i Fitjar. Vert av og til observert i større tal, t.d. vart heile 105 ind. observert i Sævarhagsvikjo 7/10-1998 (Falkenberg 1999).

## ANDEFUGLAR

### Knoppsvane *Cygnus olor*

Fåtalig og tilfeldig gjest. Uvanleg mange obserasjonar i 2002, m.a. 6 individ ved Aker Stord 4/12 (Falkenberg 2003a).

### Songsvane *Cygnus cygnus*

### Sjeldan (R)

Fåtalig men regelmessig trekk- og vintergjest i fleire av vatna på Stord, m.a. Ådlandsvatnet og begge Storavatna.

### Sædgås *Anser fabialis*

### Omsynskrevjande (DC)

Kun enkelte obserasjonar. Eit individ m.a. sett på Vestbøstad 16/1-1994 (Pedersen 1995). Sædgåsa hekkar frå Finnmark og austover og har normalt ei austleg trekkrute langs Østersjøen.

### Kortnebbgås *Anser brachyrhynchus*

Kun enkelte obserasjonar av trekkjande individ. M.a. 6 individ observert på Vestbøstad 1/10-1995 (Mjøs og Frantzen 1996). Arten har ei austleg trekkrute og kjem normalt ikkje innom vårt fylke (Falkenberg 2000).

### Tundragås *Anser albifrons*

Fåtalig og uregelmessig trekkgjest. M.a. eit individ ved Vestbøstadstjødno 18/1-1998 (Falkenberg 1999).

### Grågås *Anser anser*

Fåtalig hekkefugl. Vert oftest observert trekkjande og rastande på våren og hausten. M.a. vart over 300 individ observert på veg sørover over nedre Økland 11/8-1999 (Falkenberg 2000).

### Kanadagås *Branta canadensis*

Fåtalig hekkefugl. Arten er introdusert til Noreg og kjem opphaveleg får Nord-Amerika. På 1970-talet vart det sett ut fleire titals individ i Sunnhordland, inkludert Stord og Fitjar. Bestanden auka raskt, noko som vart særmerk-

bart enkelte stader på dyrkamark. Beiting og forureining som fylgje av skit førte til at det gjekk ut over dyrka mark enkelte stader. Slike negative effektar var særleg merkbare i områda kring Stuva, Prestagarden og Vatna. Gjennom hard avskytning vart bestanden etterkvart redusert og fuglane meir sky, dermed avtok problemet. I dag er det berre enkelte individ som har tilhald i ulike vatn på Stord, m.a. har eit par hatt tilhald i Storavatnet i Fitjar dei siste åra (Ole Berge Helland pers. medd).



Gråhegren hekkar ofte i større og mindre koloniar i granplantefelt, det er registrert koloniar både i Stord og Fitjar.  
Foto: Magnus Johan Steinsvåg.



Mindre flokkar av songsvanar vert av og til observert vinterstid. Då held dei seg oftest i næringsrike vatn. Arten hekkar i nordlege delar av landet.  
Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

**Gravand** *Tadorna tadorna*

Sjeldan og uregelmessig hekkefugl. Hekking påvist i Sævarhagsvikjo mai 1995 (NOF-Hordaland 1997). Arten hekkar langs kysten og er m.a. avhengig av fjøre og gruntvassområde (Størksen 1994).

**Mandarinand** *Aix galericulata*

Sjeldan. Eit individ observert i Vikastemmo i perioden 17/5-12/6-1999 (Falkenberg 2000). "Ville" individ i Noreg stammar truleg frå tidlegare introduserte bestandar i Storbritannia eller rømte parkfuglar.

**Brunnakke** *Anas penelope*

Sannsynleg fåtalig hekkefugl, og kan sjåast heile året. Brunnakken trekker normalt til Storbritannia og Europa, men kan overvintrie på Sør-Vestlandet.

**Krikkand** *Anas crecca*

Relativ vanleg hekkefugl. Trivest best i grunne næringsrike vatn med rik kantvegetasjon. Kan også overvintrie, m.a. eit individ Storavatnet (Stord) 12/12-1999 (Falkenberg 2000).

**Stokkand** *Anas platyrhynchos*

Vanleg hekkefugl. Trivest godt i grunne vatn og tjørner.

**Stjertand** *Anas acuta***Sjeldan (R)**

Sjeldan og sporadisk trekkjest. Eit par observert Rimbareidtjørna 18/5-1979 (NOF-Hordaland 1997).

**Knekkand** *Anas querquedula*

Eit par observert i Vestbøstadttjødno 7/6-1979 (NOF-Hordaland 1997).

**Skeiand** *Anas clypeata***Sjeldan (R)**

Sjeldan trekkjest. Ein hann observert Vestbøstadttjødno 25/4-1999 (Falkenberg 2000).

**Taffeland** *Aythya ferina*

Sjeldan og trekk- og vintergjest. To hofuglar observert i Storavatnet (Stord) 28/12-1997 (Falkenberg 1998).

**Toppand** *Aythya fuligula*

Regelmessig og ganske vanleg gjest utanom heketida, men kan også sjåast fåtalig i hekktida. Hekking er påvist i Bømlø kommune og hekking på Stord er ikkje usannsynleg.

**Bergand** *Aythya marila***Bør overvakast (DM)**

Sjeldan vintergjest. Eit individ observert i Ålandsvatnet 28/4-1998 (Falkenberg 1999). Overvintrar langs kysten, men hekkar i fjellvatn med god tilgang på botnlevande krepsdyr. I

Hordaland finst ein liten hekkebestand på Hardangervidda.

**Ærfugl** *Somateria mollissima*

Relativ vanleg hekkefugl på holmar og skjer. Hekking påvist i både Stord og Fitjar. Arten kan sjåast heile året.



Ærfuglhann. Ærfuglen er vanleg å sjå ved holmar og skjer. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

**Havelle** *Clangula hyemalis***Bør overvakast (DM)**

Fåtalig vintergjest på sjøen (NOF-Hordaland 1997). Vert m.a. observert farvatna vest for Fonno (Dag Rimmereid pers. medd.). Hekkar i vatn og innsjøar i fjellheimen med god tilgang på botnlevande krepsdyr. Hekkeførekomensten i Hordaland er knytt til Hardangervidda, og er særsparsam.

**Svartand** *Melanitta nigra***Bør overvakast (DM)**

Relativ fåtalig vintergjest, helst ytst i skjergarden. Fleire individ observert utanfor Rommetveit 20/5-1995 (Mjøs & Frantzen 1996). Hekkeførekomensten i Hordaland er knytt til Hardangervidda.

**Sjøorre** *Melanitta fusca***Bør overvakast (DM)**

Relativ fåtalig vintergjest, helst i skjergarden. Hekkar typisk i fjellvatn med god tilgang på store botnlevande krepsdyr som skjoldkreps og marflo. Hekkeførekomensten i Hordaland er knytt til Hardangervidda.

**Kvinand** *Bucephala clangula*

Ganske vanleg vintergjest både på sjø og i ferskvatn. Hekkar i indre delar av landet.

**Lappfiskand** *Mergus albellus***Sjeldan (R)**

Nokre få individ overvintrar kvart år i Hordaland (Falkenberg 1998). Under ti funn frå Stord, m.a. ei ho observert i Storavatnet i perioden 11-13/11-1995 (Mjøs & Frantzen 1996).

**Siland** *Mergus serrator***Ansvarsart vinterbestand**

Relativt vanleg hekkefugl i skjergarden. Silanda er også vanleg vinterstid.

**Laksand** *Mergus merganser*

Fåtalig vintergjest. M.a. rundt 20 individ på Rommetveit 19/11-1993 (Anon. 1995). Hekkar til vanleg i indre delar av landet. Er i Hordaland berre funnen hekkande to gonger.

**Stivhaleand** *Oxyura jamaicensis*

Ein vaksen hann heldt seg i Rimbareidtjørna 8-14/6-1995 (Jensen & Mjøs 1998). Arten er opphaveleg amerikansk og kan stamme frå ein forvilla søreuropeisk populasjon eller rømte parkfuglar.

**ROVFUGLAR****Havørn***Haliaeetus albicilla***Omsynskrevjande (DC)****Ansvarsart hekkebestand**

Fåtalig hekkefugl. Kanskje 4-5 hekkande par i Fitjar. Dei siste 25 åra har havørnbestanden i Hordaland hatt ei svært positiv utvikling. Havørna trives best ved grunne marine område, og kan plassere reiret både på ei fjellhylle og i grove tre. Havørna er enno ikkje påvist som hekkefugl i Stord kommune.

**Sivhauk** *Circus aeruginosus*

Eit individ observert på Digernes 29/4-2000 (Falkenberg 2001).

**Hønsehauk** *Accipiter gentilis***Sårbar (V)**

Fåtalig hekkefugl. Sju intakte reirområde er registrert på Stordøya. Ein kjenner til hekking på ytterlegare to stader tidlegare (fram til ca. 1992). Arten er tilknytt eldre barskog med høg

produksjonsevne (Overvoll 1994, Steinsvåg 2002) og er derfor særstilt utsett i høve til skogsdrift. Nær samlede reirområde på Stord har blitt påverka av hogst ved at reirtre har blitt hogd.

**Sporvehauk** *Accipiter nisus*

Truleg den vanlegaste rovfuglen på Stord. Reiret vert ofte plassert i granplantefelt over ein viss alder. Sporvehauken er særstilt anonym og det er kun registrert to hekkeplassar under viltkartlegginga. Det er ikkje uvanleg å sjå sporvehauken prøve seg på småfugl ved fuglebrettet vinterstid.

**Musvåk** *Buteo buteo*

Sjeldan hekkefugl. Første hekkefunn i Hordaland vart påvist i Fitjar kommune i 1998 (Falkenberg 2001). Hekking vart òg konstatert sommaren 2001 (Falkenberg 2002). Musvåken trives i skogområde tilknytt kulturmark.

**Fjellvåk** *Buteo lagopus*

Fåtalig hekkefugl (Rabben 1997) i fjellet. Smågnagar spesialist, som kan stå over hekking i dårlege smågnagarår. Forlet normalt landet om vinteren.

**Kongeørn** *Aquila chrysaetos***Sjeldan (R)**

Fåtalig hekkefugl. Truleg hekkar eit par nokså fast på Stordøya. I 2002 vart det funne eit hekkande par i Fitjarøyane, men det var ikkje hekking i her 2003. Normalt hekkar kongeørna i høgareliggende skog og fjellområde.



Sjølv om havørna var sterkt etterstreba i første halvdel av 1900-talet, og nesten har vore heilt borte ein periode, har arten tidlegare truleg vore ein vanleg fugl langs kysten vår. "Are" betyr ørn eller havørn, og at havørna er ein del av naturarven vår, vitnar stadnamn som Arevatnet og Areдалen om. I dag er havørnbestanden i framgang, og arten har igjen blitt ein vanleg syn langs kysten. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

**Fiskeørn** *Pandion haliaetus*

Eit individ vart observert Stokkavatnet 1/5-1972 (Voie 1985).

**Tårfalk** *Falco tinnunculus*

Fåtalig hekkefugl i fjellområda og kanskje òg i Fitjarøyane. Trekkfugl, men kan av og til overvintrie i kyststrok. M.a. eit vinterfunn ved Stord kyrke 18/1-1997 (Falkenberg 1998).

**Dvergfalk** *Falco columbarius*

Fåtalig hekkefugl i fjellområda. Under viltkartlegginga har det kome inn opplysningar om to hekkeplassar på Stord. Trekkfugl, men overvintring langs kysten er ikkje uvanleg.

**Jaktfalk** *Falco rusticolus*

**Sårbar (V)**  
**Ansvarsart hekkebestand**

Relativ sjeldan trekk-/streifgjest haust og vinsterstid. Dette dreier seg vanlegvis om ungfugl. Eit individ vart observert ved Nedre Økland 16/1-1998 (Falkenberg 1999).

**Vandrefalk** *Falco peregrinus*

**Sårbar (V)**

Oftast observert på trekk, m.a. eit individ ved Vestbøstadtfjødno 2/10-1998 (Falkenberg 1999). Mogleg hekkefugl på Stord, men ingen konkrete hekkefunn føreligg.

## HØNSEFUGLAR

**Lirype** *Lagopus lagopus*

Relativ fåtalig hekkefugl (NOF-Hordaland 1997) i fjellbjørkeskog og vierkratt i fjellet.

**Fjellrype** *Lagopus mutus* **Ansvarsart hekkebestand**

Fåtalig hekkefugl (NOF-Hordaland 1997). Har tradisjonelt tilhald høgare til fjells enn lirypa. Trivest på lyngmark eller blokkmark heilt øvst i vierregionen og opp i lavregionen.

**Orrfugl** *Tetrao tetrix*

Ganske vanleg hekkefugl i lyngheilandskap og i skoggrensa mot fjellet. Det er registrert fleire spellassar for orrfugl på Stord, men dei fleste er relativt små og fuglane sit nokså spreidd. Den mest kjende, og sannsynleg største leiken på Stord, er nok den på flyplassen.

**Storfugl** *Tetrao urogallus*


Fåtalig hekkefugl. Storfuglen er avhengig av større samanhengande område med naturleg, gammal furu- og blandingskog og innslag av myr. Arten blir negativt påverka av skogbruket ved drenering av myrar som er viktige oppvektsområde for kyllingar, og hogst av blåbær-furuskog som er viktige beiteområde.

**Vaktel** *Coturnix coturnix*

Eit individ registrert spelande ved Sævarhagen i perioden 23/5-6/6-1997 (Falkenberg 1998).

**Fasan** *Phasianus colchicus*

Asiatisk art som enkelte stader er sett ut i samband med jakt. Vart sett ut på Stord i 1970-80 åra, og kan ha klart seg i vill tilstand nokre år etter dette. Finst neppe på Stord i dag. Utsetting av framande artar er idag forbode!



Under kartlegginga har ein fått kartfesta fleire leikområde for orrfugl. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

## TRANEFUGLAR

**Vannrikse** *Rallus aquaticus* **Sjeldan (R)**  
Sannsynleg hekkefugl. Eit syngande individ vart hørt ved Rimbareidtjørna 10/10-31/10-1999 (Falkenberg 2000). Det har òg tidlegare vore hørt vannrikse på denne lokaliteten. Vannriksa er sannsynleg ein regelmessig vintergjest ved enkelte næringsrike innsjøar og bekdedrag i kulturlandskapet på Stord.

**Myrrikse** *Porzana porzana* **Sjeldan (R)**  
Eit syngande individ vart hørt ved Rimbareidtjørna 18/5-1997 (Falkenberg 1998). Det er òg hørt syngande individ ved Nordretjødno i 1995 og Vestbøstadttjødno i 1996 (LRSK-arkiv).

**Åkerrikse** *Crex crex* **Direkte truga (E)**  
Var tidlegare ein ganske vanleg hekkefugl i og ved slåtteeng på Stord. Modernisering i jordbruken, først og fremst tidleg, maskinell slått har ført til dårleg reproduksjon og kraftig bestandsnedgang. Åkerriksa førekjem framleis sporadisk. Siste syngande individ på Stord vart hørt ved Skålevik i perioden 28-30/5 1999 (Falkenberg 2000).

**Sivhøne** *Gallinula chloropus*  
Enkeltindivid vert av og til observert, oftaast vinterstid. M.a. eit individ sett på Valvatna 5/12-1998 (Falkenberg 1999). Arten er observert på mogleg hekkebiotop seint på våren, men det føreligg ikkje andre indikasjoner på hekking.

**Sothøne** *Fulica atra*  
Sporadisk vintergjest. M.a. eit individ ved Leirvik i perioden 7-22/2-1997 (Falkenberg 1998). Arten er observert på mogleg hekkebiotop seint på våren, men det føreligg ikkje andre indikasjoner på hekking.

## VADEFUGLAR

**Tjeld** *Haematopus ostralegus*  
Relativ vanleg hekkefugl i skjergarden. Tjeld som hekkar lenger nord i landet, trekkjer sør-over om vinteren, og det hender at nokre individ overvintrar på Sør-Vestlandet. Eit individ vart m.a. observert på Fitjar 29/1-98 (Falkenberg 1999).

**Sandlo** *Charadrius hiaticula*  
Trekkfugl som vert observert i Sævarhagsvikjo næraast kvart år (NOF-Hordaland 1997).

### **Heilo** *Pluvialis apricaria*

Fåtalig hekkefugl i fjellområda og trekkfugl i låglandet (NOF-Hordaland 1997). Rastar m.a. i Sævarhagsvikjo (Heggland 2003).

### **Tundralo** *Pluvialis squatarola*

Fåtalig trekkfugl (NOF-Hordaland 1997) m.a. i Sævarhagsvikjo. Hekkar på arktisk tundra m.a. i Sibir.

### **Vipe** *Vanellus vanellus*

Relativ vanleg hekkefugl i kulturlandskapet på Stord. Det hender at vipa overvintrar på Sør-Vestlandet.

### **Polarsnipe** *Calidris canutus*

Truleg årvisst trekkfugl. Arten hekkar på Grønland og uregelmessig på Svalbard. Trekket går langs norskekysten, og arten blir oftast observert om hausten. M.a. 2 individ observert i Sævarhagsvikjo 28-31/8-1996 (NOF-Hordaland 1997).

### **Sandløpar** *Calidris alba*

Sjeldan trekkfugl. Observert i Sævarhagsvikjo m.a. 4/9-1998 (Falkenberg 1999).

### **Dvergsnipe** *Calidris minuta*


Sjeldan trekkfugl. Hekkar i hovudsak i Finnmark. Trekket går langs norskekysten. Kan ein sjeldan gong sjåast i Sævarhagsvikjo (Heggland 2003).

### **Tundrasnipe** *Calidris ferruginea*

Truleg årleg trekkfugl. Fåtalig, men nokså regelmessig i Sævarhagsvikjo dei siste åra.

### **Fjøreplytt** *Calidris maritima*

Vinterfugl. Truleg årleg, sjølv om det ikkje har vore mange observasjonar av arten på Stord. Fjøreplytt er m.a. observert i Sævarhagsvikjo (Heggland 2003). Er som hekkefugl knytt til fjellet, men hekkar ikkje på Stord.



Tjelden er nok den vadefuglen på Stord som gjer mest av seg. Han er òg blandt dei første trekkfuglane som returnerer om våren. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

**Myrsnipe** *Calidris alpina*

Relativ vanleg trekkjest, vert m.a. ofte observert i Sævarhagsvikjo om hausten (Heggland 2003). I Hordaland hekkar myrsnipa fåtalig på Hardangervidda.

**Brushane** *Philomachus pugnax*

Ganske vanleg trekkjest m.a. på vollen ved Rimbareid (Dag Rimmereid pers. medd.) og i Sæverahagsvikjo under trekket på hausten (Heggland 2003).

**Enkeltbekkasín** *Gallinago gallinago*

Fåtalig hekkefugl i fuktige myrområde og kulturmark. Arten har eit karakteristisk fluktspel, og vert på lokalt kalla "mekregauk". I hovudsak trekkfugl, men ein del individ kan overvintrie (Falkenberg 2001).

**Dobbeltbekkasín** *Gallinago media* **Oms. krev. (DC)**

Sjeldan trekkjest. I Hordaland hekkar arten berre på Hardangervidda. Berre ein observasjon er kjent frå Stord: Eit individ på Fitjar 27/10-1979 (LRSK-arkiv).

**Rugde** *Scolopax rusticola*

Relativt vanleg hekkefugl i fuktig blandingskog, ofte med rik undervegetasjon. Rugda er kanskje mest kjent for "rugdetrekket" der hannane flyg over territoriet sitt i skumringa vår og sommar. Overvintring er ikkje uvanleg.

**Lappspove** *Limosa lapponica*

Relativ sjeldan trekkjest. Hekkar i Finnmark og trekkande individ kan observerast langs heile kysten, oftast på hausten. Arten vert år om anna observert i Sævarhagsvikjo (Heggland 2003).

**Småspove** *Numenius phaeopus*

Sjeldan trekkjest. Observert både på haust- og vårtrekket (Heggland 2003), m.a. i Sævarhagsvikjo 10/5-1993 (Anon. 1995).

**Storspove** *Numenius arquata*

Fåtalig hekkefugl i opne område, ofte kulturmark og beitemark. Hekkar m.a. ved Rimbareidtjørna (Nylund 1997). Sævarhagsvikjo vert nytta som rasteområde under trekket.

**Sotsnipe** *Tringa erythropus*

Sjeldan trekkjest. Eit individ observert Sævarhagsvikjo 22/8-1998 (Falkenberg 1999).

**Raudstilk** *Tringa totanus*

Relativ vanleg hekkefugl i våtmarksområde, både ved sjøen og ved vatn og myrar. Enkelte individ kan overvintrie, m.a. eit individ i Sævarhagsvikjo 8/1-1994 (Mjøs & Frantzen 1996).

**Gluttsnipe** *Tringa nebularia*

Trekkjest. Vert så og seie årvissst observert i Sævarhagsvikjo under hausttrekket.



Storspoven er knytt til kulturlandskapet langs kysten. Foto: Tore Wiers.

### **Skogsnipe** *Tringa ochropus*

Fåtalig trekkjest. Skogsnipa hekker til vanleg i austlege delar av landet. Eit individ observert rastande i Sævarhagsvikjo 12/8-1999 (Falkenberg 2000).

### **Grønstilk** *Tringa glareola*

Sjeldan trekkjest. Grønstilken hekker til vanleg i austlege delar av landet. Arten vart observert både i Rimbareidtjørna og Vestbøstad-tjørna den 29/4-2000 (Falkenberg 2001).

### **Strandsnipe** *Actitis hypoleucus*

Ein av dei mest talrike hekkande vadefuglane på Stord. Arten er vanleg i strandsona og ved vatn og vassdrag. Trekkjer tidleg, og eit individ observert Sævarhagsvikjo 5-12/10-1999 er ein sein observasjon.

### **Steinvendar** *Arenaria interpres*

Fåtalig trekkjest (NOF-Hordaland 1997). Berre enkelte observasjonar frå Sæverhagsvikjo føreligg (Heggland 2003), men arten førekjem nok nok årvisst i Fitjarøyane under trekket og stundom vinterstid.

## JOAR, MÅSAR OG TERNER

### **Tjuvjo** *Stercorarius parasiticus*

Fåtalig hekkefugl. Hekking er m.a. konstatert i Fitjarøyane sommaren 2002 (Dag Rimmereid pers. medd.). Frå slutten av 1970-åra har tjuvjobestanden gått kraftig tilbake, truleg som følgje av redusert næringstilgang (Vader 1994). Tjuvjoen er no nesten borte som hekkefugl i Hordaland, kanskje hekker berre 1-2 par i gode år (Byrkjeland 2003).

### **Storjo** *Stercorarius skua*

Fåtalig streif- og trekkjest. M.a. eit individ observert i Selbjørnsfjorden 8/8-1995 (Mjøs og Frantzen 1996).

### **Dvergmåse** *Larus minutus*

Eit individ i Sævarhagsvikjo 5/11-2000 (Falkenberg 2001). Pr. 2003 kun observert 11 gongar i Hordaland.

### **Hettémåse** *Larus ridibundus*

Trekkjest. Flest observasjonar av trekkande individ på vårparten. M.a. vart rundt 110 individ observert ved Kyrkjeberget 27/2-1999 (Falkenberg 2000).

### **Fiskemåse** *Larus canus*

Vanleg hekkefugl i koloniar fleire stadar på Stordøya, m.a. ein stor koloni ved Storhaugen i Fitjar (Ole Berge Helland og Dag Rimmereid pers. medd.).

### **Sildemåse** *Larus fuscus*

Relativ vanleg hekkefugl i skjergardslandskapet, og arten er ganske vanleg i Fitjarøyane. Hekkar ofte i blandingskoloniar med gråmåse. Trekkfugl som forlet landet i august. Ungfuglane returnerer normalt ikkje før i treårsalderen.

### **Gråmåse** *Larus argentatus*

Relativ vanleg hekkefugl i større koloniar eller som spreidde par.



På Færøya ved Sandvikvåg hekker mellom 50 og 100 par gråmåse. I dag er dette ein av dei største gråmåsekoloniane i fylket. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

### **Grønlandsmåse** *Larus glaucopterus*

Sjeldan vinterhest. Eit individ observert i Sævarhagsvikjo i perioden 24/2-25/4-1998 (Falkenberg 1999). Totalt i Hordaland føreligg det 26 observasjonar av grønlandsmåse.

### **Polarstående måse** *Larus hyperboreus*

Sjeldan vinterhest. Eit individ observert på Eldøy 23/12-1999 (Falkenberg 2000). Polarstående måsen hekker til vanleg på Svalbard og overvintrer som regel i nordlege delar av landet.

**Svartbak** *Larus marinus*      **Ansvarsart hekkebestand**  
Ganske vanleg hekkefugl. Arten kan hekke i koloniar eller som spreidde par.

### **Krykkje** *Rissa tridactyla*      **Ansvarsart hekkebestand**

Fåtalig og sporadisk streifhest utanfor hekketida. Hekka på Geitung i Bømlo kommune på 1990-talet, og sist i 2000. Dette er den einaste kjende kolonien i Hordaland.

### **Splitterne** *Sterna sandvicensis*

Sjeldan og sporadisk streifhest. Det føreligg to funn frå Stord, begge i Sævarhagsvikjo: 1 individ 2/5-1971 og 1 individ 5/5-1992 (Chapman 1993). Det er totalt 8 funn i fylket.

### **Makrellterne** *Sterna hirundo*

Vanleg hekkefugl i skjergardslandskapet. Hekkar ofte i blandingskoloniar saman med raudnebbterne.

**Raudnebbterne** *Sterna paradisaea*

Fåtalig hekkefugl i skjergardslandskapet. Hekkar i koloniar, ofte saman med makrellterne.

## ALKEFUGLAR

**Lomvi** *Uria aalge***Sårbar (V)**

Fåtalig trekk og vintergjest (NOF-Hordaland 1997).

**Alke** *Alca torda*

Fåtalig vintergjest. Hekkar ikkje i Hordaland.

**Teist** *Cephus grylle***Bør overvakast (DM)**

Har truleg hekka på Stord tidlegare og i følgje Norsk hekkefuglatlas skal hekking vere konstatert i 1979 (Gjershaug m.fl. 1994). Blir no berre sporadisk observert i vinterhalvåret. Bestanden har lenge vore i tilbakegang over heile kysten, noko som først og fremst er antatt å skuldast næringssvikt. Reir i bergsprekker, under steinar eller i steinur på holmar langs kysten (Folkestad 1994).

**Alkekonge** *Alle alle*

Fåtalig vintergjest i ytre skjergard (NOF-Hordaland 1997). Hekkar på Svalbard og Jan Mayen.

**Lunde** *Fratercula arctica***Omsynskrevjande (DC)**

Fåtalig gjest utanfor hekketida. Truleg først og femst om våren. Eit individ observert ved Sætrevik 19/11-1972 (NOF-Hordaland 1997). Det føreligg berre eit konkret hekkefunn frå Hordaland. Dette vart gjort på Låtersøy i Bømlo i 1992 (Byrkjeland 1999).

## SANDHØNS

**Steppehøne** *Syrrhaptes paradoxus*

Fleire individ vart observert på Stord i 1863 og eit individ avliva mai 1888 (LRSK-arkiv). Arten hekkar på steppe og tørre, vegetasjonsfattige område i eit belte frå Kazakhstan til Nordaust-Kina. Begge førekommstane på Stord var i samband med store invasjonar i Noreg og resten av Europa dei aktuelle åra.

## DUER

**Bydue** *Columba livia*

Fåtalig hekkefugl tilknytt tettstaden Leirvik. Hekkar i og på bygningar.

**Ringdue** *Columba palumbus*

Ganske vanleg hekkefugl i skogområde nær jordbruksareal. I hovudsak trekkfugl, men

overvintring er relativt vanleg. Ein flokk på over 100 individ vart observert på Høyland 12/2-1998 (Falkenberg 1999).

**Tyrkerdue** *Streptopelia decaocto*

Fåtalig hekkefugl (NOF-Hordaland 1997) og bestanden har nok gått tilbake dei seinare år. Hekking er konstatert på Lønning (Osaland 1983). Tilknytt jordbrukslandskapet og tettstadar. Standfugl.

**Turteldue** *Streptopelia tutur*

Sjeldan trekkfugl. Eit individ observert på Sætrevik 29/6-1970 og eit individ ved Aker-Stord 14/10-1993 (Pedersen 1993).

## GAUKAR

**Gauk** *Cuculus canorus*

Ganske vanleg hekkefugl. Trives i mange biotopar, frå skoglandskap til kulturmark og relativt opne område. Reirparasitt, der heipiplerka vert rekna som den vanlegaste vert-sarten i Noreg. Trekkfugl.

## UGLER

**Hubro** *Bubo bubo***Sårbar (V)**

Fåtalig hekkefugl. På Vestlandet klarar hubroen seg relativt bra og jaktar helst i ope landskap med rik tilgang på byttedyr som t.d. sjøfugl. Arten har elles hatt ein tilbakegang over store delar av Austlandet (Fremming 1986). På Vestlandet har truleg attgroing av lyngheiområda hatt negativ effekt på bestanden. Det er elles kjent at hubroen ofte kan nytte høgspentlinjer som sittepostar under jakt og er utsett for elektrisk støyt ved letting og landing. Undersøkingar har påvist at det er mange individ som dør som følgje av påflyging eller elektrokusjon frå kraftlinjer (Fremming 1986).

**Snøugle** *Nyctea scandiaca***Sårbar (V)**

To udaterte eksemplar frå Stord finst i samlingane hjå Zoologisk Museum i Bergen, begge er skotne. Desse stammer truleg frå tida rundt århundreskiftet 1800/1900. I Hordaland hekkar snøugla tidlegare på Hardangervidda, men blir berre observert sporadisk.

**Haukugle** *Surnia ulula*

Såkalla invasjonart som år om anna kan opptrer ganske vanleg på Vestlandet etter gode produksjonsår på Taigaen med påfølgande samanbrot i smågnagarbestandane. Ein av dei største invasjonane gjennom tidene fann stad hausten 1983, og 2 individ er rapportert frå

Stord i samband med denne invasjonen (Jacobsen 1984). Det er også rapportert eit individ fra Hageberg 4/11-1989 (NOF-Hordaland 1997).

#### Kattugle *Strix aluco*

Utbreidd, men relativ fåtalig hekkefugl. Kattugla tar i hovudsak smågnagarar, men kan også ta småfugl og frosk. Hekkar ofte i nærleiken av hus og vert ofte hørt i nærmiljøet. Tar gjerne i bruk større fuglekassar og kan hekke i ventilasjoner og andre kunstige holrom.



Kattugleungane forlet reiret før dei kan flyge, og vert som regel sitjande på ei grein å tigge mat. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

#### Hornugle *Asio otus*

Sjeldan. Trives i barskog i tilknyting til jordbruksområde. Arten er ikke registrert hekkande på Stord.

#### Jordugle *Asio flammeus*

Sjeldan trekk gjest. Smågnagarspesialist, og hekkar til vanleg i område i og ovanfor skogsgrensa. Eit individ observert ved Måsavatnet 15/11-1998 (Falkenberg 1999) og eit individ avliva på Valvatna i 1973 (NOF-Hordaland 1997).

#### Perleugle *Aegolius funereus*

Sjeldan trekk-/streifgjest. Kan som haukugla opptre invasionsarta. Eit individ observert på Aker-Stord 7/3-1997 (Falkenberg 1998).

## SEGLARAR

#### Tårnseglar *Apus apus*

Fåtalig hekkefugl tilknytt tettstaden Leirvik. Arten har m.a. tilhald ved sjukhuset. Hekkar vanlegvis i holrom i bygningar.

## RÅKEFUGLAR

#### Isfugl *Alcedo atthis*

Eit individ observert ved Storavatnet i Stord 21-28/3-1976 (Voie 1986).

#### Hærfugl *Upupa epops*

Eit individ drept mot vindu i Leirvik hausten 1970 (Voie 1985).

## SPETTEFUGLAR

#### Vendehals *Jynx torquilla* Sårbar (V)

Sjeldan hekkefugl (NOF-Hordaland 1997). Hekkar ved kulturlandskap og ope blandingsskogar og kan ta i bruk fuglekasser. Særleg solvendt grasmark med mykje jordmaur er attraktive område ved næringssøk. Eit synnjande individ hørt på Bjelland (Stord) perioden 7-8/5-1999 (Falkenberg 2000). Arten er også hørt og seinare påvist hekkande ved Ryland slutten av mai 1998 (Falkenberg 1999).

#### Gråspett *Picus canus* Omsynskrevjande (DC)

Fåtalig hekkefugl. Truleg den vanlegaste spettearten på Stord. Gråspetten søker ofte næring på bakken, særleg maur. Område med gammal barskog med innslag av død ved og eldre lauvtrær som osp er viktige for gråspetten. Ståande død ved gjev tilgang på vedlevande insekt vinterstid. Reirtreet er nesten alltid osp (Gjerde og Sætersdal 1996). Då spettane vanlegvis lagar nye reihol kvart år, er det mange andre fuglearter som nyttar gamle spettehol som reirplass (m.a. meiser og svartkvitflugesnappar). Førekjenn av spettar kan derfor vere positivt for slike såkalla sekundære holrugalar.

#### Grønspett *Picus viridis*

Fåtalig hekkefugl. Grønspetten har eit endå meir spesialisert fødesøk etter maur og insekt på bakken enn gråspetten. Den trives derfor i lysopne skogar med lav undervegetasjon. Lagar hol i maurtrær. Grønspetten føretrekker eldre suksesjonsstadium av lauvskog med innslag av osp som den ofte nyttar som reirtre.

#### Flaggspett *Dendrocopos major*

Fåtalig hekkefugl. M.a. påvist hekkande ved Vegslinuten (Dag Rimmereid og Ole Berge Helland pers. medd.). Allsidig i næringssvegen og kan finnast i mange skogtyper, men blandingsskogar ser ut til å vera optimale område. Flaggspetten er konglespesialist om vinteren og er derfor mindre avhengig av gammal skog med død ved enn dei andre spetteartane. Flaggspetten er velkjent for å laga såkalla spettesmier.



Flaggspetten er kanskje vanlegast å sjå vinterstid når den oppsøkjer fuglebrettet. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

**Kvitryggspett** *Dendrocopos leucotos* Sårbar (V)  
Fåtalig hekkefugl. Det er registrert fleire hekkande par på Stord. Kvityggspetten er avhengig av relativt store område med eldre skog med god tilgang på død ved.

**Dvergspett** *Dendrocopos minor* Omsynskr. (DC)  
Fåtalig hekkefugl. Hekking er m.a. påvist ved Levåg (Ole Berge Helland pers. medd.). Arten er tilknytt naturskogar, helst lauvskog med god tilgang på døde og døyande tre.

## SPORVEFUGLAR

**Songlerke** *Alauda arvensis*  
Fåtalig hekkefugl (NOF-Hordaland 1997). Hos oss knytt kyststrok og eng og beitemark med låg vegetasjon.

**Sandsvale** *Riparia riparia*  
Tidlegare fåtalig hekkefugl i Fitjar (NOF-Hordaland 1997). Arten er elles sjeldan og sporadisk gjest i trektidene. Hekkar i sandtak med bratte, faste kantar.

**Låvesvale** *Hirundo rustica*  
Vanleg hekkfugl i kulturlandskapet og hekkar i driftsbygningar og naust.

**Amursvale** *Hirundo daurica*  
Eit individ observert på Eggøy 15/6-1980 (LRSK-arkiv, NSKF). Det er berre gjort tre funn av amursvale i Hordaland, og funnet på Stord var det første. Hekkar i Sør-Europa.

**Taksvale** *Delichon urbica*  
Relativ fåtalig hekkefugl (NOF-Hordaland 1997). Kolonihekkande, reira blir som regel plasserte under takskjegget på bygningar.

**Trepiplerke** *Anthus trivialis*  
Vanleg hekkefugl i skog. Gjerne i litt open skog og skogkantar ut mot myrområde.



Trepiplerke. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

**Heipiplerke** *Anthus pratensis*  
Vanleg hekkefugl i lynghei og kulturlandskap og områda ovanfor skoggrensa. Kan overvintrie fåtalig langs kysten, t.d. vart eit individ observert ved Stord kyrkje 25/12-2000.

**Skjærpiplerke** *Anthus petrosus* Ansv. hekkebest.  
Ganske vanleg hekkefugl knytt til holmar og lynghei næraast kysten. Overvintrar vanleg.

**Gulerle** *Motacilla flava*  
Sjeldan trekkjest. Underarten **såerle** *M. f. thunbergii* oftast observert, m.a. tre individ på Sævarhagen 9/9-1998 (Falkenberg 1999). Elles eit par med **sørleg gulerle** *M. f. flava* observert ved Vesbøstadttjørn 31/5-80 (Osaland 1981).

**Vintererle** *Motacilla cinerea*  
Eit individ observert ved Storavatnet (Stord) 18/10-1999 (Falkenberg 2000). Tradisjonelt ein austleg art som hekkar ved rennande vatn.

**Linerle** *Motacilla alba*  
Vanleg hekkefugl i kulturlandskapet og langs vassdrag. Underarten **svartryggerle** *M. a. yarrellii* er m.a. observert på Rimbareid 24/3-1999 (Falkenberg 2000).

**Sidensvans** *Bombycilla garrulus*  
Ganske regelmessig trekk- og vintergjest. Sidensvansen trekkjer sørover frå nordaustlege barskogar på vinteren. Mindre flokker kan sjåast ganske årvisst.

**Fossekall** *Cinclus cinclus*

Fåtalig hekkefugl, truleg under 10 par. Hekkar i vassdrag der det dannar seg strie styrk og mindre fossar. Hekking konstatert m.a. ved Eideselva (Jan Rabben pers. medd.).

**Gjerdesmett** *Troglodytes troglodytes*

Talrik hekkefugl. Trivest særleg i skog med tett undervegetasjon. Overvinrar vanleg.

**Jernsporv** *Prunella modularis*

Vanleg hekkefugl i skog og i kantvegetasjon i kulturlandskapet. Overvinrar regelmessig, men fåtalig.

**Raudstrupe** *Erithacus rubecula*

Vanleg og talrik hekkefugl i skog. Vanleg å sjå på fuglebrettet om vinteren.

**Raudstjert** *Phoenicurus phoenicurus*

Fåtalig hekkefugl (NOF-Hordaland 1997). Karakterart i eldre furuskog på skrinn mark, men kan også hekke i andre skogtyper.

**Buskskvett** *Saxicola rubetra*

Relativ vanleg hekkefugl i ope terrenget som kulturmark eller nært vann.

**Svartstrupe** *Saxicola torquata*

Sporadisk hekkefugl. Hekkig konstatert ved Årskog 17/6-1990 (Clarke 1992) og ved Vestbøstadttjørna 29/4-2000 (Falkenberg 2001). Arten er elles observert i Sævarhagsvikjo 3/4-1992 (NOF-Hordaland 1997).

**Steinskvett** *Oenanthe oenanthe*

Fåtalig hekkefugl (NOF-Hordaland 1997) ved beitemark langs kysten og i fjellet.

**Ringtrast** *Turdus torquatus*

Relativ fåtalig hekkefugl i områda ved skoggrensa.

**Svartrast** *Turdus merula*

Vanleg og talrik hekkefugl i skog- og kulturlandskap.

**Gråtrast** *Turdus pilaris*

Vanleg hekkefugl. Trives i dei fleste skogtyper, særleg i kantsoner mellom skog og kultmark.

**Måltrast** *Turdus philomelos*

Vanleg hekkefugl. Er kanskje meir tilknytt skogsområde enn mange av dei andre trasteartane. Kan overvintra langs kysten.

**Raudvengetrast** *Turdus iliacus*

Vanleg hekkefugl. Hekkar i all slags skog. Trekkfugl, men overvinrar regelmessig langs kysten.

**Duetrast** *Turdus viscivorus*

Sjeldan trekkgjest. Eit individ overvintra 1993-94 på Kårevik (NOF-Hordaland). Pr. 1999 kun eit hekkefunn i Hordaland (Falkenberg 2000). Dei store furuskogane på Stord er aktuell hekkebiotop.

**Grashoppesongar** *Locustella naevia*

Mogleg sjeldan og sporadisk hekkefugl. Synjande individ høyrt ved Rimbareidtjørna 18/5-1997 (Falkenberg 1998). Knytt til fukteng og område med frodig vegetasjon.

**Sivsongar** *Acrocephalus schoenobaenus*

Fåtalig hekkefugl. Hekkar gjerne i takrørskogar og tett kantvegetasjon ved næringsrike vatn. Sivsongaren har m.a. fast tilhald ved Vestbøstadttjørna og Rimbareidtjørna (Nylund 1997).

**Gulsongar** *Hippolais icterina*

Sannsynleg hekkefugl. Eit individ høyrt synjande på Nedre Økland 16/5-1998 (Falkenberg 1999). Karakterart for fuktig oreskog, men kan også hekke i andre skogtyper med frodig undervegetasjon.

**Møllar** *Sylvia curruca*

Sannsynleg fåtalig hekkefugl. To eller tre synjande individ høyrt Nedre Økland 17/5-1998 (Falkenberg 1999).

**Tornsongar** *Sylvia communis*

Relativ fåtalig hekkefugl, men hekkingar er konstatert både i Fitjar og Stord. Trivest i opne område, gjerne på beitemark og llyngeei med innslag av buskar og kratt.

**Hagesongar** *Sylvia borin*

Mogleg fåtalig hekkefugl. Trivest i tett vegetasjon og i kantsoner. Eit individ observert Nedre Økland 20/10-2000 (Falkenberg 2001).

**Munk** *Sylvia atricapilla*

Relativ vanleg hekkefugl i rike lauvskogar og kantskogar. Overvinrar fåtalig, men relativt regelmessig i kyststrok.

**Bøksongar** *Phylloscopus sibilatrix*

Mogleg fåtalig hekkfugl (Gjershaug m.fl. 1994). Eit synjande registrert individ i Børteitdalen 23/5-1993 (Anon. 1995).

**Gransongar** *Phylloscopus collybita*

Ganske vanleg hekkfugl. Trass i namnet er gransongaren gjerne tilknytt område med rike lauvskog.

**Lauvsongar** *Phylloscopus trochilus*

Særs talrik hekkefugl i allslags skog. Også i relativt trefattige område i lyngeia.

**Fuglekonge** *Regulus regulus*

Relativ vanleg hekkefugl i barskog, gjerne i eldre plantefelt av gran.

**Gråfluegsnappar** *Muscicapa striata*

Relativ vanleg hekkefugl i skog, gjerne i og nær kulturlandskapet.

**Svartkvitflugesnappar** *Ficedula hypoleuca*

Vanleg hekkefugl. Hekkar i gamle spette- eller meisehol eller naturlege holrom. Hekkar ofte i nærliken av bustadområde og tar ofte i bruk fuglekassar.

**Stjertmeis** *Aegithalos caudatus*

Fåtalig hekkefugl i eldre lauv- og blandingskog. Stjertmeis vert ofte observert i mindre flokkar på vinteren, ofte i såkalla meiseflokkar saman med andre meiseartar, fuglekonge og trekrypar.

**Lauvmeis** *Parus palustris*

Fåtalig hekkefugl, helst i open lauv- og blandingskog.

**Granmeis** *Parus montanus*

Vanleg og talrik hekkefugl. Arten er meir allsidig enn lauvmeisa, og trivest i dei fleste skogstypar.

**Toppmeis** *Parus cristatus*

Relativ vanleg hekkfugl i barskog. Holrugar som sjølv kan hakke ut reirholet i rotne stubbar.

**Svartmeis** *Parus ater*

Relativ fåtalig hekkefugl. Svartmeisa trivst i barskog med tilgang på gran. Kan ta i bruk kassar, men kan også hekke i naturlege holrom på bakken.

**Blåmeis** *Parus caeruleus*

Vanleg og talrik hekkefugl. Tilknytt lauvskog eller blandingskog. Hekkar ofte i fuglekassar.

**Kjøtmeis** *Parus major*

Vanleg og talrik hekkefugl. Hekkar ofte i fuglekassar.

**Spettmeis** *Sitta europaea*

Relativt vanleg hekkfugl, helst i litt eldre lauv- og blandingskog. Eike- og hasselnøtter er viktig vinterføde for spettmeisa.

**Trekrypar** *Certhia familiaris*

Fåtalig hekkefugl. Kan sjåast i fleire skogstypar, men er mest tilknytt litt eldre furu- og blandingskog.

**Tornskate** *Lanius collurio*

Sjeldan og tilfeldig. Det føreligg to hekkefunn: Ved Petarteigen 9/7-1989 (LRSK-arkiv, NOF-Hordaland 1997) og i Anfinnsdalen 7/7-1999 (Falkenberg 2000).

**Varslar** *Lanius excubitor*

Sjeldan vintergjest i følgje NOF-Hordaland (1997), men det føreligg ingen konkrete funn.

**Nøtteskrike** *Garrulus glandarius*

Relativt fåtalig hekkefugl i barskogområde. I område nær barskog kjem nøtteskrika gjerne innom fuglebrettet vinterstid.

**Skjor** *Pica pica*

Vanleg hekkefugl nær busette område og kulturmark.

**Nøttekråke** *Nucifraga caryocatactes*

Sjeldan, men mogleg hekkefugl i eldre granplantefelt i område med god tilgang på hasselnøtter. Det føreligg fleire spreidde observasjonarfrå 1960-95 (NOF-Hordaland 1997), men ingen direkte indikasjonar på hekking.

**Kaie** *Corvus monedula*

Mogleg fåtalig hekkefugl. Indikasjonar på hekking ved Tveita på Stord 4/5-2000 (Falkenberg 2001).

**Kornkråke** *Corvus frugilegus*

Relativ sjeldan gjest utanfor heketida. Eit mindre tal observert 15/4-1998 på Hystad (Falkenberg 1999). Elles eit individ observert på Fitjar 28/12-1998 (Falkenberg 1999).

**Kråke** *Corvus cornix*

Vanleg hekkefugl nær tettstadar og kulturlandskap.

**Svartkråke** *Corvus corone*

Sjeldan trekk/streifgjest. Eit individ obs. på Nedre Økland, Stord 19/4-98 (Falkenberg 1999).

**Ramn** *Corvus corax*

Fåtalig hekkefugl. Hekkar i bergveggar i skjergarden og i fjellet.

**Stare** *Sturnus vulgaris*

Vanleg hekkfugl i kulturlandskapet. Tar ofte i bruk fuglekassar.

**Rosenstare** *Sturnus roseus*

Eit individ vart observert på Huglo hausten 1974 (LRSK-arkiv).

**Gråspurv** *Passer domesticus*

Vanleg hekkfugl i bustadområde og kulturlandskap.

**Pilfink** *Passer montanus*

Få observasjonar, m.a. eit individ observert på Bjelland 31/1-1998 (Falkenberg 1999).

**Bokfink** *Fringilla coelebs*

Vanleg og talrik hekkfugl i skog.



Bokfinken er ein av dei vanlegaste fuglane på Stord sommarstid. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

**Bjørkefink** *Fringilla montifringilla*

Fåtalig hekkfugl nokre stader i bjørkeskogen mot skoggrensa.

**Grønfink** *Carduelis chloris*

Relativt vanleg hekkfugl i kulturlandskapet og kan hekke i t.d. hekkar, prydbuskar og einer.

**Stillits** *Carduelis carduelis*

Fåtalig trekkjest. Vert oftest observert i mindre flokkar vinterstid, m.a. 12 ind. observert på Bjelland 29/1-1997 (Falkenberg 1998).

**Grønsisik** *Carduelis spinus*

Relativt vanleg hekkfugl i barskog. Kan observerast i større eller mindre flokkar under trekket og vinterstid, m.a. 200 individ på Haga, Stord 9/12-2000 (Falkenberg 2001).

**Tornirisk** *Carduelis cannabina*

Truleg fåtalig hekkfugl. Arten trivst i ope kulturlandskap med buskar og kratt.

**Bergirisk** *Carduelis flavirostris* **Ansv. hekkebestand**

Relativ fåtalig hekkfugl (NOF-Hordaland 1997). Kan sjåast i mindre flokkar i trekkidene og om vinteren.

**Brunsisik** *Carduelis cabaret*

Truleg vanleg hekkfugl. Arten var inntil nylig rekna som ein underart av gråsisik, men både utbreiing draktforskellar og storleik gjer at brunsisiken no har fått status som eigen art (Artane kan ikkje skiljast på lyd. Det er ofte svært vanskelig å skilje dei på draktkarakterar også). Brunsisiken er som hekkfugl tilknytt kystnære furuskogsområde i Sør-Noreg. Arten opptrer vanleg i større og mindre flokkar i trekkidene og om vinteren, gjerne i blandingsflokkar med gråsisik.

**Gråsisik** *Carduelis flammea*

Mogleg hekkfugl. Opptrer vanlig i større og mindre flokkar i trekkidene og om vinteren, gjerne i blandingsflokkar med brunsisik. Har som hekkeart langs kysten ei meir nordleg utbreiing enn brunsisiken, og er i vårt fylke knytt til bjørkeskogen i indre fjordstrøk og områda opp mot bjørkebeltet.

**Polarsisik** *Carduelis hornemannii*

Eit individ observert på Nedre Økland 6/1-1996 (Pedersen 1997).

**Bandkorsnebb** *Loxia leucoptera*

Sjeldan trekkjest. Førekjem år om anna invasionsarta i Noreg. 2002 var eit slikt "invasjonssår" og fleire individ vart observert på Stord (Falkenberg 2003b).

**Grankorsnebb** *Loxia curvirostra*

Truleg fåtalig hekkfugl (NOF-Hordaland 1997). Er tilknytt eldre barskog. Invasjonsart som kan opptre vanleg i trekkida og om vinteren.

**Furukorsnebb** *Loxia pytyopsittacus*

Truleg fåtalig hekkfugl i eldre furuskog. Invasjonsart, men opptrer ikkje like talrikt som grankorsnebb.

**Dompap** *Pyrrhula pyrrhula*

Fåtalig hekkfugl i barskog. Vanleg fugl å sjå på fuglebrettet vinterstid.

**Kjernebitar** *Coccothraustes coccothraustes*

Sjeldan og tilfeldig trekkjest. 1-2 individ observert i perioden januar-mars 1998 på Håvåsen i Stord kommune (Falkenberg 1999).

**Lappsporv** *Calcarius lapponicus*

Arten kan observerast fåtalig på vår- og hausttrekk. M.a. eit individ observert i Sævarhagsvika 28/4-2000 (Falkenberg 2001).

**Snøsporv** *Plectrophenax nivalis*

Sannsynleg fåtalig hekkfugl i fjellet. Kan av og til sjåast i trekkidene og om vinteren.

### **Kvithodesporv** *Emberiza leucocephala*

Eit individ observert ved Troldhaugen i perioden frå 27/12-1994 til ca. 10/3-1995 (Jensen & Mjøs 1998, Rabben 1995). Einaste funn i Hordaland.

### **Gulsporv** *Emberiza citrinella*

Fåtalig hekkefugl. Gjerne i kantsoner mot kulturlandskapet, ofte med spreidd tresetting. Bestanden har truleg gått tibake. Oppsøker gjerne fuglebrettet vinterstid.

### **Sivsporv** *Emberiza schoeniclus*

Fåtalig hekkefugl ved vegetasjonsrike våtmarksområde. Hekkar m.a. ved Rimbareidtjøerna og Vestbøstadttjørna (Nylund 1997).

## PATTEDYR

### INSEKTETARAR

#### **Piggsvin** *Erinaceus europaeus* **Bør overvakast (DM)**

Relativt vanleg art i tilknytning til kulturlandskap og kan m.a. ha tilhald i hagar i større tettstadar. Piggsvinet er særslig utsett for påkøyrlar, og ein ser ofte påkøyrd piggsvin langs vegane på Stord.

#### **Vanlig spissmus** *Sorex araneus*

Sannsynleg nokså talrik art både i skog og ope terren, og særlig der det er rik botnvegetasjon. M.a. registrert ved Sjoalemyra og Iglatjørna (Zoologisk museum, Bergen).

#### **Dvergspissmus** *Sorex minutus*

Vanleg art i skog og lyngvegetasjon. Er m.a. registrert ved Sjoalemyra og Iglatjørna (ZMB).

### FLAGGERMUS

Grunna vanskeleg artsbestemming er flaggermus ei dyrgruppe ein veit relativt lite om. Fram til 1989 var samlingane ved Zoologisk Museum Bergen den viktigaste kjelda til kunnskapen vår om forekomst og utbreiing av dei ulike flaggermusartane i Hordaland. I 1989 og utover på 1990-talet gjennomførte Tor Stormark feltundersøkingar i samband med ei hovudfagsoppgåve. Han gjennomførte òg undersøkingar finansiert av Fylkesmannen si miljøvernnavdeling (ei oppsummering er gitt i Stormark 1996). I 1998 og 1999 gjennomførte Norsk Zoologisk Forening, på oppdrag frå Fylkesmannen si miljøvernnavdeling, ei fylkesdekkande undersøking av flaggermus (Syvertsen m.fl. 2000). Dei nevnte undersøkingane har gitt mykje ny kunnskap om utbreiing og forekomst av flaggermus i Hordaland, og til no er sju artar med

sikkerheit registrerte i fylket. Tre av dei er registrert i Stord og Fitjar.

Ein av desse artane, dvergflaggermus, er oppførte i kategorien DM – bør overvakast, på den norske raudlista. Dette er først og fremst eit uttrykk for at ein har lite kunnskap om arten. Flaggermus er elles i ein spesiell forvaltingssituasjon, i og med at både dag-, vinter- og bar selkoloniar ofte er knytte til bygningar.

Meir informasjon om flaggermus finn du på internetsidene til Norsk Zoologisk Forening. Her ligg det òg mykje informasjon om dei andre norske pattedyrartane:

<http://www.zoologi.no>

#### **Vannflaggermus** *Myotis daubentonii*

Truleg relativt vanleg flaggermus på Stord. Jaktar på ein karakteristisk måte større insekt over vatn og elvar. Registrert fleire stader på Stord av Syvertsen m.fl. (2000).

#### **Nordflaggermus** *Eptesicus nilssonii*

Truleg den vanlegaste flaggermusarten på Stord, som i resten av fylket. Jaktar ofte under gatelys, mellom tre og i ope landskap. Registrert fleire stader på Stord av Syvertsen m.fl. (2000).

#### **Dvergflaggermus**

*Pipistrellus pygmaeus*

#### **Bør overvakast (DM)**

Truleg vanleg art på Stord. Arten er m.a. registrert Vestbøstad og Gloppevatn i Fitjar, og ved Kårvika og Leirvik i Stord (Syvertsen m.fl. 2000).

## ROVDYR

#### **Raudrev** *Vulpes vulpes*

Enkelte streifdyr er observert (Rabben 2000), men arten ynglar neppe på Stord.



Både på Stord og Bømlo var reven eit vanleg innslag i naturen tidlegare, noko fleire fangsinrettingar vitnar om. Sjølv om ein i dag ikkje har nokon bestand av rev på Stord, vil ein kanskje, på sikt, kunne treffen på både raudrev, rådyr og elg på Stordøya - Naturen er ikkje statisk, den endrar seg heile tida. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

#### **Mink** *Mustela vison*

Vanleg art tilknytt strandsoner, bekkar og vassdrag. Opphaveleg Nord-Amerikansk art som vart innført til Noreg som pesldyr i 1930-åra.

#### **Røyskatt** *Mustela erminea*

Fåtalig art på Stord. Kun enkelte observasjonar føreligg.

#### **Mår** *Martes martes*

Berre registrert på Huglo, der den er relativ vanleg. Fleire ynglingar er konstatert (Arne Vatten og Jan Rabben pers. medd.).

#### **Oter** *Lutra lutra*

#### **Bør overvakast (DM) Ansvarsart**

Sjeldan (Rabben 2000). Kun enkelte sporteikn registrert ulike stadar, m.a. er spor og såkalla otersklier observert ved Uføro (Arne Vatten pers. medd.).

#### SELAR

Sjølv om selar er pattedyr vert dei ikkje definerte som vilt etter viltlova. Viltlova gjeld berre for viltlevande landpattedyr, fuglar, amfibiar og krypdyr. Selbestandane blir forvalta av fiskeridirektoratet. Både steinkobben og haverten er likevel inkludert i viltrapporten fordi dei kan vere interessante i jaktsamanheng.

#### **Steinkobbe** *Phoca vitulina*

Finst i meir eller samanhengande populasjonar langs heile norskekysten, og trivest særleg i grunne farvatn. Arten vert jamnleg sett på kvi-lepllassar på holmar og skjer i Fitjarøyane (Dag Rimmereid pers. medd.).

#### **Havert** *Halichoerus grypus*

Relativt fåtalig art som ganske jamnleg blir observert i Fitjarøyane (Dag Rimmereid pers. medd.).



Steinkobben er den vanlegaste av dei to selartane som normalt førekjem i havområda utanfor Stord. Foto: Tore Wiers

#### HAREDYR

#### **Hare** *Lepus timidus*

Ganske vanleg art både. Trivest godt i blandingskog, ofte tilknytt kulturlandskap, men haren kan også sjåast i fjellet.

#### GNAGARAR

#### **Ekorn** *Sciurus vulgaris*

Vanleg art i skog over heile Stord.

#### **Brunrotte** *Rattus norvegicus*

Truleg relativ fåtalig art i busette område og i jordbruksområde. Er registrert på Stord gjennom prosjekt Pattedyratlas ved Norsk Zooloisk Foreining.

Sannsynleg er også artane **lita skogmus** *Apodemus sylvaticus*, **markmus** *Microtus agrestis* og **klatremus** *Clethrionomys glareolus* vanlege på Stord, men dokumentasjon manglar

#### HJORTEDYR

#### **Elg** *Alces alces*

Det skal ha blitt observert enkelte streifdyr på Stord. I Hordaland finn ein faste men små bestandar av elg i indre delar av fylket, i Voss, Granvin og Ulvik, i Eidfjord og Ullensvang og i grensetraktene mellom Odda og Etne.

#### **Hjort** *Cervus elaphus*


Hjorten er den største jaktressursen på Stord. I 2003 vart det felt 145 dyr på Stord; 60 i Stord kommune og 85 i Fitjar. Dette utgjer ei slaktevekt på ca. 8,8 tonn og ein førstehands kjøtverdi på rundt 450.000 kr.

For å oppretthalde ein sunn og livskraftig hjortestamme på lang sikt, kan det vere nadsynt å ta omsyn til viktige beiteområde. I viltkartlegginga har særleg kartfesting av vinterbeiteområde vore prioritert. Slike beiteområde er område med relativt lite snø vinterstid, der hjorten kan bruke minst mogleg energi til å finne mat. Digernes, Agdestein og Rydlandområdet er registrerte som vinterbeiteområde på Stord. Sjølv om snømengdene på Stord korkje er særleg store eller langvarige, kan tilgangen på beiteområde vere ein minimumsfaktor for hjorten i særleg snørike vintrar. Redusert tilgang på gode vinterbeite kan føre til at færre dyr overlever vinteren.


Ein har også forsøkt å fange opp dei viktigaste trekkrutene for hjort i Stord og Fitjar. For å utnytte tilgangen på beite maksimalt, flyttar hjorten mykje på seg. Det kan vera lokale forflytningar mellom beiteområde og dagleie,

eller forflytningar over lengre avstandar mellom sommar og vinterbeite. Det er t.d. kjent at hjorten om sommaren held seg i høgareliggjande område og trekker ned i lunare skogområde i låglandet om vinteren. At hjorten (og for så vidt andre artar) uhindra kan flytte seg i terrenget og utnytte ressursar i ulike område, er avgjeraende for å ein sunn og levedyktig viltbestand. Det er difor viktig at ein i den lokale- og regio-


nale arealforvaltinga tek omsyn til både viktige beiteområde og trekkvegar, slik at hjorten kan utnytte ressursane optimalt etter kvart som tilgangen på ulike beiteplantar endrar seg gjennom sesongen. Ein bør difor unngå inngrep som reduserer både hjort og andre viltartar sine moglegheiter til effektiv bruk av leveområda.



I oktober er det stor aktivitet i marka, då er det brunsttid for hjorten. Brunstida tek kraftig på krefte til dei største bukkane. Denne bukken la seg til å sove mellom brølesekvensane sine, han var òg tydleg avmagra. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.



Figur 1. Tal felte hjort og tildelte løyve i Stord og Fitjar kommune 1984-2003.



**Figur 2.** Felt hare og hønsefugl i sameige i Fitjarfjellet frå perioden 1978-1995. Talet på seldte jaktkort er gjennomgjeve som stolpar i figuren (Kjelde: Fitjar kommune).

## 8. BRUKARINTERESSER I NATUREN OG KONFLIKTAR I FORHOLD TIL VILTET

### SKOGBRUK

Samanlikna med dei fleste andre kommunar i Hordaland har Stord og Fitjar mykje produktiv skog i forhold til det totale landarealet. Produktiv skog rundt 88.000 da eller omlag 32% av landarealet (Fitjar 39.000 da og 28%, Stord 49.000 da og 36%). Mange av dei truga og sårbare viltartane er knytt til dei produktive skogsmiljøa og derfor har den enkelte skogeigar ei viktig rolle når det gjeld forvalting av viltet sine leveområde.

Dagens konflikt mellom viltinteresser og skogbruksinteresser er knytt til intensiv utnytting av skogareala på høge bonitetar for tømmerproduksjon. Det er særleg etter at ein gjekk over frå plukkhogst til bestandskogbruk etter 1950-talet, at det biologiske mangfaldet har blitt påverka negativt. Med bestandsskogbruk på Vestlandet har ein i stor grad gjennomført såkalla treslagsskifte, der furu og lauvtre vert ertatta med gran. I dei planta granbestandane er trea av same alder og vert som oftast hogd før dei når det gamle stadiet som mange av "gammalskogsartane" er avhengige av. I ein naturleg skog vil ein ofte ha blanding av fleire treslag og tre av alle aldrar og rikeleg med død ved i ulike nedbrytingsfasar. Dette skapar levestadar for ei rekke spesialiserte artar.

Ein potensiell konflikt mellom skogbruk og viltinteresser er at gamal skog på god bonitet vert føretrekt av både skogbruket og mange viltartar. Det er særleg dei arealkrevjande viltartar som storfugl og hønsehauk, som har blitt mest negativt påverka. Begge disse artane finn ein på Stord. Bestandsskogbruket har også negative konsekvensar for spettane. Naturleg døde, ståande tre er viktig for dei fleste av desse artane og dette er ofte mangelvare i dagens skogkulturlandskap. Mangel på eldre ospeholt kan også vere eit problem. Spesielt gråspetten er avhengig av tilgang på eldre osp som reirtre. Ei rekke andre holrugande fuglearistar er nyttar dessutan gamle spettehol som reirplass. Ein nedgang i talet på spetter kan derfor også få konsekvensar for dei såkalla sekundære holrugarane.

Etterkvart har auka kunnskap om økologi gjort det mogleg å drive skogen meir økologisk riktig. Dei siste åra har skogbruket vist større vilje til å ta fleirbruksomsyn i skogbruksplanlegginga. Det kan likevel ofte kome til konflikt mellom ønsket om å drive skogen økologisk forsvarleg og samstundes maksimere det økonomiske utbytet. God skogbruksplanlegging, der også kunnskap om økologi har ein sentral plass, er svært viktig i denne samanheng. Un-

der følgjer nokre tiltak som vil vere viktige for å ta omsyn til viltinteressene:

- Eit visst minimumsareal med gammalskog må oppretthaldast.
- Ein bør sette att kantskog mot myr, elvar, vatn og dyrka mark.
- Ein bør unngå hogst i bekkekløfter, like under bratte bergskrentar og på rasmark.
- Mindre øyar på myr og i vatn er ofte viktige hekkelokalitetar og bør derfor ikkje hoggast.
- Sumpskog bør i størst mogleg grad sparast for hogst. Sumpskog er ofte svært viktig som beiteområde og hekkeområde for fugl. Det er også ein relativt sjeldan naturtype.
- Ein bør unngå grøfting av myr og "vassjuk" mark.
- Sett igjen nokre store tre.
- Sett igjen døde tre og store lauvtre, særleg osp, for å oppretthalde reirtre og viktige næringskjelder for spettar.
- Unngå treslagsskifte i dei frodigaste lauvskogsområda og område med eldre blandingsskog.
- Ta omsyn til funksjonsområde for spesielle artar, t.d. reirområde for rovfugl og leikområde for storfugl og eldre ospeholt for spettar.
- Ved vegframføring og hogst i viktige- og svært viktige viltområde er det viktig at viltmyndighetene blir tatt med i planlegginga.

### JORDBRUK

Også jordbrukslandskapet er svært viktig for mange viltartar. Jordbrukslandskapet er kjenneteikna ved høg primærproduksjon, noko som også viltet kan dra nytte av (Jordbruksområda får kunstig høg planteproduksjon ved gjødsling, og i tillegg er jordbruksareala som regel lagt til dei frå før mest produktive områda). Særleg det småskala jordbrukslandskapet, som har vore utbreidd på Stord, er samansett av ei rekke ulike biotopar med leveområde for ei rekke ulike viltartar. Mange av viltartane finst i høgare tal i jordbrukslandskapet enn i sine naturlege leveområde. Enkelte artar ville også vore sjeldne eller heilt fråverande lokalt utan jordbrukslandskapet (t.d. låvesvale og stare).

Intensivering og mekanisering av jordbruket har ført til eit meir einsarta landskap der tilgangen på ulike levestader er lågare enn ved tradisjonell jordbruksdrift. Det er særleg dei spesielle habitata tilknytt småskala jordbruket som har blitt redusert etter intensiveringa. Døme på tiltak som kan verke negativt på viltet

er; grøfting av fuktmark, fjerning av kantskog og åkerholmar, attgroing av beitemark, lukking og kanalisering av bekkar, sprøyting, vassforeining ved utslepp av gjødsel og siloshaft, tørrelægging og oppdyrkning av våtmark.

Viltet på si side, kan ha negative effektar på jordbruksområdet. Til dømes kan ei stor hjortestamme føre til beiteskadar på både skog og innmark. Det er også kjent at kongeørna stundom kan ta lam, men til vanleg er dette eit lite problem.

## FRILUFTSLIV OG FERDSEL

Allmenheten står sentralt i friluftslivet i Noreg, men det er nokre avgrensingar med tanke på utøving av jakt, fiske og motorisert- og organisert ferdsel. Generelt er det ønskjeleg at folk flest skal bruke tid i utmarka, då dette ofte fører til ei større interesse og at ein i større grad tek omsyn til naturen i lokalmiljøet sitt. Viltet har i mange tusen generasjonar vore eit jaktobjekt for menneske, og gjennom seleksjon har viltet "lært" seg å frykte mennesket. Denne naturlege frykta er også ein del av viltet i dag, og ferdsel i utmarka vil ofte føre til at visse individ fjernar seg frå området. Spesielt i yngletida er mange viltartar vare for forstyrringar, men også til andre årstider kan stress grunna ferdsel kunne føre til at enkelte artar endrar bruken av området. Stor generell ferdsel kan føre til lavare bestandar av fleire artar som t.d. hjortevilt, hønsefugl og rovfugl. Ved større organiserte orienteringsløp og utflikter bør ein absolutt sjekke den planlagde løypa opp mot viltkarta til kommunen. Større organiserte utflikter kan få store konsekvensar for viltet dersom dei vert gjennomført i kritiske periodar på året. Ved bruk av utmarka til turgåing må ein også huske på at det er bandtvang heile året i både Stord og Fitjar.



På fisketur. Menneska har dreve jakt i tusenvis av år, og viltet har tilpassa seg dette m.a. ved å flykte. Lukt av menneske i utmarka kan difor ofte føre til at viltet trekker seg ut av området, anten ein går med våpen eller fiskestong. Skal ein arrangere større organiserte utflikter i t.d. hekke- eller ynglesesongen, kan det vera greit å sjekke den planlagde traseen opp mot viltkartverket i kommunen. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

## JAKT

Jakt av vilt er som tidlegare nemnt hovudårsaka til at viltet har ein slags innebygd frykt for menneske. Moderne jakt vil naturlegvis også kunne føre til at viltarter trekker seg unna "jaktutsette" områder. Jakta foregår imidlertid til den tida på året der viltet er minst sårbart for forstyrringar. For enkelte artar er også jakt eit avgjerande bestandsregulerande verkemiddel, dette gjeld særleg hjortevilt. I forvaltninga av hjortevilt har ein nytta retta avskyting som eit viktig prinsipp for å oppnå optimal produksjon. Retta avskyting føreset at ein har god kjennskap til bestandsstorleik og alders- og kjønnssfordelinga i bestanden. "For store" bestandar av hjortevilt kan føre til lavare slaktevekter (generelt dårligare kondisjon), redusert overleving og store beiteskadar på skog og innmark. Kor stor ein ønsker at bestanden av dei ulike hjorteviltartane blir derfor ei avveging mellom optimal produksjon i forhold til tilgjengeleg beite og omfanget av beiteskadar.



Rypejakt. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

Kor stor effekt jaktuttak har på småvilt-bestandar har vore noko omdiskutert. Det er imidlertid sannsynleg at eit høgt lokalt jaktpress over tid kan føre til ein reduksjon i viltbestandar lokalt (Kastdalen 1992, Hjeljord 1994), både som ein følge av sjølve uttaket og ved at viltet flyttar til andre område. Det er derfor viktig at den lokale viltforvaltinga vurderer fortløpende om jakta er bestandsmessig forsvarleg eller ikkje.

## FAUNAKRIMINALITET

Jakt og fangst av freda vilt, særleg truga og sårbare rovfuglar og ugler, har vore eit utbreidd problem på landsbasis. Dette gjeld både krypskyting med tanke på utstopping og ulovleg innsamling av egg og ungars til f.eks. falkonering, i tillegg til felling av artar som enkelte kallar "skadenvilt". Om det føregår slik aktivitet på Stord idag er ikkje kjent.

## BUSTADAR OG INDUSTRI

Bygging av bustadar, industri, havneområde osv. vil alltid ha visse negative konsekvensar for enkelte viltartar. Direkte ved sjølve arealinnrepet og indirekte ved auka aktivitet, ferdsel og støy. I framtidig arealforvalting er det viktig at industri og bustadfelt ikkje blir lagt innanfor dei prioriterte viltområda og heller ikkje så nær inntil desse at ein påverkar områda negativt. Det same gjeld for hytteområde.

## VEGAR

Vegbygging påverkar i stor grad leveområda for mange viltartar, og det er fleire effektar ved vegbygging som kan få alvorlege konsekvensar for enkelte artar. Den mest negative effekten er truleg at leveområda vert fragmenterte og isolerte frå kvarandre. Dette gjeld vegtrasear med høge gjerde eller andre objekt som reint fysisk kan hindre viltet å krysse vegen.

Ein annan negativ effekt er at vegframføring opnar for lettare tilkomst til område som frå før var lite tilgjengelege. Dette kan føre til auka forstyrringseffekt langt utanfor sjølve vegtraßen. Påkjørslar av vilt i vegbanen er òg stadvis eit alvorleg problem, ikkje berre for viltet men òg når det gjeld trafikktryggleik. Ved planlegging og tilrettelegging kan skadeverknadane avgrensast.

## VASSDRAGSREGULERING

Vassdragsregulering er først og fremst aktuelt i samband med kraftproduksjon, drikkevatn og settefiskanlegg. På Stord har kraftproduksjon og regulering av vatn med tanke på drikkevatn vore aktuelt og fleire vassdrag på fjellet har blitt regulert.

Regulering av vatn kan føre til oversvømming av tidlegare hekke- og næringsøksområde og redusert næringstilgang som følgje av endra forhold i vatn og elvar (til dømes dårligare gyteforhold for fisk, vandringshinder, dårligare produksjon av botndyr, endra djupneforhold og hyppige- og store vannstandsendringar). Tørrlegging av elvar kan føre til lågare produksjon av insekt som har larvestadiet i vatn, noko som fører til dårligare næringstilgang for fugl som lever av insekt i og ved elva. Lomartane er spesielt utsette for hyppige vannstandsendringar fordi dei oftast byggjer reiret like i vasskanten.

## KRAFTLEIDNINGAR

Kraftlinjer kan vera problematisk særleg for fuglelivet. Forskjellige fuglearistar vil vera ulikt utsett for kollisjonar og elektroksjon. Kollisjo-

nar med kraftlinjer tek truleg livet av fleire fuglar enn det som vert hausta under jakt.

Ved undersøkingar har ein funne spesielt mykje død fugl der leidningane kryssar søkk i terrenget. Kraftliner som strekkjer seg over toppar og høgder i terrenget ser òg ut til å vere særleg uheldige (Bevanger 1993). Statistikk frå Stavanger Museum syner at det er rovfuglar og hønsefuglar som ofta blir skadde av kraftlinjer. Av rovfuglar er både hubro og hønsehauk særleg utsett. Rovfuglar nyttar ofte stolpar som utkikkspostar og dør av elektroksjon ved letting eller landing. Ein fann m.a. to unge havørner under ei kraftlinje ved Vad i 2002.



*Kraftleidningar kan vera problematiske for viltet, særleg større fuglar som hønsefugl og rovfuglar er utsette. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.*

Det rimelegaste tiltaket for å redusere konflikten mellom fugl og kraftleidningar vil ofte vera å unngå kraftspenn i område med mykje fugl, som t.d. våtmarksområde, spellassar og rasteområde. Det er særleg viktig at kraftspenn ikkje blir lagt midt i innflygingssona for slike område. Eit anna, men kostbart, tiltak vil vera jordkabel. Auka bruk av jordkabel for lavspentnettet og det lavare høgspentnettet vil vera viktig for å redusera kollisjonar og elektroksjon på utsette stadar (Bevanger og Thingstad 1988). Merking av kraftlinjer for å gjera linjene meir synlege for fugl har òg redusert talet på kollisjonar (Ålbu 1983).

## AVFALL

Opne avfallspllassar har ofte blitt trekte fram i samband med uønskt store populasjonar av rev og kråkefugl som blir sett på som viktige predatorar på egg og ungjar av jaktbart vilt. Kor stor rolle kråkefuglane spelar her er omdiskutert. Reven ser ut til å spele ei langt viktigare rolle enn både rovfugl, kråkefugl og mårdyr når det gjeld regulering av skogshøns-bestandane. I Aust-Agder vart det dokumentert ein auke i bestandane av både mår, hønsehauk og stor-

fugl ein periode etter utbrotet av reveskabb (Selås m. fl. 1995)\*.

Små, private avfallsplassar "bak løa" kan ha den same effekten som større kommunale fyllingar. Det har òg blitt reist spørsmål om slakteavfall frå hjortejakta kan vere med å oppretthalde "kunstig" høge bestandar av rev og kråkefugl (Smedshaug & Sonerud 1997). Dersom ein har mistanke om at dette kan vere eit problem, bør ein ta konsekvensen av dette og "feie for eiga dør".

\*På Stord, der ein ikkje har mår eller rev, kan det vere lett å skulde på kråkefugl for å forklare ein nedgang i talet på skogshøns. Det er imidlertid ingenting som tyder på at bestandane av kråkefugl har blitt større dei siste ti-åra (kanskje med unntak av nøtteskrike, som likevel er ein fåtalig art). Meir nærliggande er det å sjå på endringar i vår eigen arealbruk (mindre utnytting av utmarksareala til husdyrbeite med påfølgande attgroing og fortetting av både lysthei og eldre skog, moderne skogsdrift med flatehogst, granplanting, drenering av myr mm.).

## OPPDRETTSANLEGG

Oppdrettsnæringa kan i enkelte høve legge beslag på store areal og kan i visse høve komme i konflikt med viltinteressene. Eit oppdrettsanlegg kan ha ein direkte forstyrringseffekt, og plassering av anlegget nært kjende hekkeplassar for sjøfugl og andre nøkkelområde for viltet kan vere uehildig. Andre konfliktar går på at enkelte dyreartar nyttar oppdrettsanlegg som matfat. Dei mest aktuelle "konfliktartane" er skarv, gråhegre, måsar (spesielt gråmåse og svartbak), ærfugl (som et blåskjel), oter og steinkobbe. Det er viktig at ein tar om-syn til denne problematikken ved framtidig plassering av oppdrettsanlegg. Dersom plassering av anlegga blir gjort i samråd med vilt-myndighetene, vil ein i større grad kunne unngå opplagte konfliktar.

## 9. INFORMANTAR

Viltregistreringane har i stor grad vore basert på intervju av personar med god kjennskap til lokale viltførekomstar. Utan desse ressurspersonane hadde det ikkje vore mogleg å gjennomføre prosjektet innanfor dei rammene som vart sett. Stor takk til alle!

Anders Bjørk	Stord	Rabben Jan	Stord
Furre Bjørn	Stord	Rimmereid Dag	Stord
Gjerde Ove	Fitjar	Sandvik Svein Inge	Fitjar
Gloppen Karl	Fitjar	Solli Ronald	Fitjar
Haktorson Heine	Stord	Stuve Lars	Stord
Heggland Tor Helge	Stord	Stuve Per	Stord
Helland Ole Berge	Fitjar	Vatten Arne	Stord
Helvik Arvid	Stord	Wiers Tore	Vaksdal
Ingebrigtsen Oscar	Stord	Aarbø Knut Berge	Fitjar
Lillevik Vidar	Stord	Asmund Aasheim	Stord

## 10. LITTERATUR

- Anon. 1995. Hordalandsrapporten 1993. - Krompen 24: 16-24.
- Austmo, L.B. og Steinsvåg, M.J. 2002. God eller dårlig biodiversitet? - Ei kritisk vurdering av forvaltingspraksis på framande artar. - Cand. scient. oppgåve. Norges teknisk-naturvitenskaplige universitet, Zoologisk Institutt. 97 s + vedlegg.
- Benonisen, K. 1997. Om plantelivet på Stord. - Krompen 26 (2): 86-92.
- Bevanger, K. & Thingstad, P.G. 1988. Forholdet fugl – konstruksjoner for overføring av elektrisk energi: en oversikt over kunnskapsnivået. – Økokorsk utredning; 1988:1, 133 s. Klæbu.
- Byrkjeland, S. 1999. Status for hekkande sjøfugl i Hordaland 1980-1998. – Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernnavd. MVA Rapport nr. 2/1999. 106 s. + vedlegg.
- Byrkjeland, S. 2003. Verna natur i Hordaland. - Krompen 32:17-33.
- Byrkjeland, S. & Voie, R. 1999. Sangsvanebestanden i Hordaland – 160% økning siden 1988. – Krompen 28: 176-187.
- Chapman, E. 1993. Årsmelding for LRSK Hordaland 1992. – Krompen 22 (2): 62-67.
- Clarke, A.W. 1992. Sjeldne fugler i Norge i 1990. Rapport fra Norsk sjeldenhetskomité for fugl (NSKF). – Vår Fuglefauna 15 (3): 139-154.
- Danielsen, I. 1996. Handlingsplan for truete og sårbare viltarter i Hordaland - med rødliste. - MVA-rapport 2-1996. 74 s.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1996. Viltkartlegging. - DN-håndbok 11. 112 s.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1999. Nasjonal rødliste for truete arter i Norge 1998. - DN-rapport 1999-3. 162 s.
- Falkenberg, F. 1999. Fugler i Hordaland 1998. Krompen 28: 66-87.
- Falkenberg, F. 2000. Fugler i Hordaland 1999. Krompen 29: 73-103.
- Falkenberg, F. 2001. Fugler i Hordaland 2000. Krompen 30: 74-105
- Falkenberg, F. 2002. Fugler i Hordaland 2001. - Krompen 31 (3): 94-119.
- Falkenberg, F. 2003a. Fugler i Hordaland 2002. - Krompen 32: 131-156.
- Falkenberg, F. 2003b. Invasjon av båndkorsnebb høsten 2002. - Krompen 32: 157-160.
- Folkestad, A.O. 1994. Teist *Cephus grylle*. S. 256 i: Gjershaug, J.O., Thingstad, P.G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S. (red.) 1994. *Norsk fugleatlas*. – Norsk Ornitoligisk Forening, Klæbu.
- Fremming, O.R. 1986. Bestandsnedgang av hubro (*Bubo bubo*) i Øst-Norge 1920-1980. - Viltrapport 40. Direktoratet for Naturforvaltning. Trondheim 1986.
- Gjerde, I. 1988. Storfuglbestanden i Hordaland: Størrelse, utvikling og forvaltning. – Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernnavd. Rapport. 33 s.
- Gjerde, I. 1990. Tiurleikar i Hordaland 1990. – Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernnavd. Internt notat.
- Gjershaug, J.O., Thingstad, P.G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S. (red.) 1994. *Norsk fugleatlas*. – Norsk Ornitoligisk Forening, Klæbu. 552 s.
- Haugset, T., Alfredsen, G. & Lie, M.H. 1996. Nøkkeliotoper og arts mangfold i skog. Siste sjanse – Naturvernforbundet i Oslo og Akershus.
- Heggland, T.H. 1995. Vadefuglane i Sævarhagsvikjo 1989-1994. – NOF, Sunnhordland Lokallag, Rapport, 102 s.
- Heggland, T.H. 1997. Vadefuglane i Sævarhagsvikjo. - Krompen 26: 74-78.
- Heggland, T.H. 2003. Sævarhagsvikjo. <http://cyberbirding.uib.no/nof/lokaliteter/>
- Helland, O.B. 2003. Rimbareidtjørna og Vestbøstadttjørna. <http://cyberbirding.uib.no/nof/lokaliteter/>
- Hjeljord, O. 1995. Rypet og jakt. Hvor stort uttak tåler en rypestamme? – Fagnytt Naturforvaltning nr. 6-1995. 4 s.
- Hogstad, O. 1994. Bøksanger *Phylloscopus sibilatrix*. S. 398 i: Gjershaug, J.O., Thingstad, P.G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S. (red.) 1994. *Norsk fugleatlas*. – Norsk Ornitoligisk Forening, Klæbu.
- Høyland, B.O., Heggland, H. & Mjøs, A.T. 2000. Sjeldne fugler i Norge 1996. Rapport fra Norsk sjeldenhetskomité for fugl (NSKF). – Fugleåret 1996. Vår Fuglefauna Suppl. nr. 3: 4-23.
- Jacobsen, O.W. 1984. Haukugleinvasjon i Hordaland høsten 1983. - Krompen 13 (3): 133-135.
- Jacobsen, O.W. 1996. Kanadagåsa *Branta Canadensis L.* på Bømlo. - Krompen 25: 93-95.
- Jensen, T. & Mjøs, A.T. 1998. Sjeldne fugler i Norge 1995. Rapport fra Norsk sjeldenhetskomité for fugl (NSKF). – Fugleåret 1995. Vår Fuglefauna Suppl. nr. 2: 4-24.
- Kastdalen, I. 1992. Skogshøns og jakt. – Rapport, Norges Jeger og Fisker forbund. 37s.
- Mjøs A.T. & Frantzen, E. 1996. Hordalandsrapporten 1994. - Krompen 25: 30-39.

- Mjøs, A.T. 1996. Hordalandsrapporten 1993. - Krompen 24:16-24.
- Nylund, R. 1997. Fuglebiotoper på Stord. - Krompen 26 (2): 82-83.
- NOF-Hordaland. 1997. Artliste for Stord. - Krompen 26 (2): 64-68.
- Osaland, O.M. 1981. Fugleobservasjonar 1980. - Krompen 10: 76-82.
- Osaland, O.M. 1983. Ornitoligiske observasjonar 1982. - Krompen 12: 92-99.
- Overvoll, O. 1994. Breeding ecology of goshawks (*Accipiter gentilis*) in western Norway. - Cand. scient. oppgåve ved Universitetet i Bergen. 1-55.
- Pedersen, F.H. 1994. Sjeldne fugler i Hordaland 1993. Rapport fra LRSK Hordaland. - Krompen 23 (3): 112-117.
- Pedersen, F.H. 1995. Sjeldne fugler i Hordaland 1994. Rapport fra LRSK Hordaland. - Krompen 24 (2): 74-78.
- Pedersen, F.H. 1997. Sjeldne fugler i Hordaland 1996. Rapport fra LRSK-Hordaland. - Krompen 26 (3): 118-127.
- Rabben, J. 1995. Ein sjeldan sporv på Stord. - Vår Fuglefauna 18 (1): 54-55.
- Rabben, J. 1997. Naturen i Sunnhordland. Eige forlag. 176 s.
- Rabben, J. 2000. Turkart Stord. - Naturvernforbundet på Stord.
- Rimmereid, D. 1997. Sjøfuglreservata på Fitjar og Stord. - Krompen 26:79-81.
- Selås, V., Smedshaug, C.A., Lund, S.E. & Sonerud, G. 1995. Reveskabbens betydning for småviltet i Norge. - Fagnytt naturforvaltning nr. 10-1995: 1-4. Norges landbrukshøgskole.
- Smedahaug, C.A. & Sonerud, G.A. 1997. Rovdyr, åtsler og predasjon på småvilt. - Fagnytt naturforvaltning nr. 8-1997: 1-4. Norges landbrukshøgskole.
- Steen, O.F. 1996. Vandrefalkens bestandsstatus i Norge – fylkesoversikt pr. 1995. – Vandrefalken 3: 7.
- Steinsvåg, M.J. 2002. Kartlegging av hekkestadar for hønsehauk (*Accipiter gentilis*) i Bømlo og Sveio kommunar, Hordaland. - Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 2-2002: 21s +vedlegg.
- Stormark, T.A. 1996. Flaggermus i Hordaland. Del III, s. 174-180 i Olsen, K.M. (red.): Kunnskapsstatus for flaggermus i Norge. - Norsk Zoologisk Forening. Rapport 2. 210 s.
- Størksen, Ø.R. 1994. Gravand *Tadorna tadorna*. S. 70 i: Gjershaug, J.O., Thingstad, P.G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S. (red.) 1994. *Norsk fugleatlas*. - Norsk Ornitoligisk Forening, Klæbu.
- Syvertsen, P.O., Isaksen, K., Olsen, K.M., Rigstad, K. & Starholm, T. 2000. Kartlegging av flaggermus i Hordaland. Kunnskapsstatus 1999. - Norsk Zoologisk Forening. Rapport 9, manuskript.
- Vader, W. 1994. Tyvjo *Stervorarius parasiticus*. i: Gjershaug, J.O., Thingstad, P.G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S. (red.) 1994. *Norsk fugleatlas*. - Norsk Ornitoligisk Forening, Klæbu
- Voie, R. 1985. Fiskeørn i Hordaland. - Krompen 14: 78-79.
- Voie, R. 1985. Hærfugl i Hordaland. - Krompen 14:17-18.
- Voie, R. 1986. Ifugl i Hordaland. - Krompen 15: 112
- Åibu, Ø. 1983. Kraftlinjer og fugl. - Rapport/Det Kgl. Norske videnskabers selskap,Museet. Zoologisk serie; 1983-8. 60s.



## 11. Artsliste med status

I den følgjande artslista har vi prøvd å gi ein grov kvantitativ status for dei ulike viltartane på Stord. Mange av desse vurderingane er høgst skjønsmessige. For det første er kunnskapsgrunnlaget i mange tilfelle for dårlig. Og særleg når det gjeld ein del fugleartar varierer talet svært mykje frå årstid til årstid og frå år til år. Det er sjølv sagt også store nyansar i førekomensten artane imellom, og ikkje minst mellom dei ulike artsgruppene, som er umogleg å få fram i ei slik oversikt. For nokre artar, der ein meiner å ha grunnlag for det, er det gjort eit estimat for talet på hekkepar. Det vil også vere mogleg å finna meir utfyllande informasjon i statuskapitlet. Ein del av vurderingane i lista kan heilt sikkert diskuterast, og det er eit ønske at ein i framtida skal få betre kunnskap om dei ulike artane sin status på Stord.

Kodesystem:

Status	Førekomst
D konstatert yngling	(x) enkeltobservasjoner
C sannsynlig yngling	(xx) fatalig, uregelmessig
B mogleg yngling	X fatalig, regelmessig
O observert	XX vanlig
* tidlegare	XXX talrik

Oppsummering:

	Status				Totalt
	D	C	B	O	
Amfibium	2	0	0	0	2
Krypdyr	2	0	0	0	2
Fuglar	108	6	11	85	210
Pattedyr	9	4	0	5	18
Totalt	121	10	11	90	232

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
<b>AMFIBIUM</b>						
Padde	<i>Bufo bufo</i>	D	XX	XX	XX	i dvale
Frosk	<i>Rana temporaria</i>	D	XX	XX	XX	i dvale
<b>KRYPDYR</b>						
Stålorm	<i>Anguis fragilis</i>	D	XX	XX	XX	i dvale
Hoggorm	<i>Vipera berus</i>	D	XX	XX	XX	i dvale
<b>FUGLAR</b>						
<b>LOMMAR</b>						
Smålom	<i>Gavia stellata</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Storlom	<i>Gavia arctica</i>	D	X	X	(xx)	(xx)
<b>DYKKARAR</b>						
Dvergdykker	<i>Tachybaptus ruficollis</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Gråstrupedykker	<i>Podiceps griseogenus</i>	O	(x)	(x)	(x)	(x)
Horndykker	<i>Podiceps auritus</i>	O	(x)	(x)	(x)	(x)
<b>STORMFUGLAR</b>						
Havhest	<i>Fulmarus glacialis</i>	O			(x)	
Havsvale	<i>Hydrobates pelagicus</i>	O			(xx)	
<b>PELIKANFUGLAR</b>						
Havsole	<i>Sula bassana</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Storskav	<i>Phalacrocorax carbo</i>	O	X		X	X
Toppskarv	<i>Phalacrocorax aristotelis</i>	O	X	(xx)	X	X
<b>STORKEFUGLAR</b>						
Rørdrum	<i>Botaurus stellaris</i>	O				(x)
Gråhegre	<i>Ardea cinerea</i>	D	XX	XX	XX	XX
<b>ANDEFUGLAR</b>						
Knoppsvane	<i>Cygnus olor</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Songsvane	<i>Cygnus cygnus</i>	O	X		X	X
Sædgås	<i>Anser fabialis</i>	O	(x)		(x)	(x)
Kortnebbgås	<i>Anser brachyrhynchus</i>	O			(xx)	(xx)

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
Tundragås	<i>Anser albifrons</i>	O			(x)	(x)
Grågås	<i>Anser anser</i>	D	XX	X	XX	(xx)
Kanadagås	<i>Branta canadensis</i>	D	X	X	X	X
Gravand	<i>Tadorna tadorna</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	
Mandarinand	<i>Aix galericulata</i>	O	(x)	(x)		
Brunnakke	<i>Anas penelope</i>	C	X	X	X	X
Krikkand	<i>Anas crecca</i>	D	X	XX	X	(x)
Stokkand	<i>Anas platyrhynchos</i>	D	XX	XX	XX	XX
Stjertand	<i>Anas acuta</i>	O	(x)			
Knekkand	<i>Anas querquedula</i>	B	(x)	(x)		
Skeiland	<i>Anas clypeata</i>	O	(x)		(x)	
Taffeland	<i>Aythya ferina</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Toppand	<i>Aythya fuligula</i>	B	X	(xx)	X	X
Bergand	<i>Aythya marila</i>	O	(xx)		(x)	(xx)
Ærfugl	<i>Somateria mollissima</i>	D	XX	XX	XX	XX
Havelle	<i>Clangula hyemalis</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Svartand	<i>Melanitta nigra</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Sjørre	<i>Melanitta fusca</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Kvinand	<i>Bucephala clangula</i>	O	XX	(xx)	XX	XX
Lappfiskand	<i>Mergus albellus</i>	O			(x)	(x)
Siland	<i>Mergus serrator</i>	D	XX	XX	XX	XX
Laksand	<i>Mergus merganser</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Stivhaleand	<i>Oxyura jamaicensis</i>	O	(x)			

#### ROVFUGLAR

Havørn	<i>Haliaeetus albicilla</i>	D	X	3-5 par	X	X
Sivhauk	<i>Circus aeruginosus</i>	O	(x)			
Hønsehauk	<i>Accipiter gentilis</i>	D	X	6-8 par	X	X
Sporvehauk	<i>Accipiter nisus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Musvåk	<i>Buteo buteo</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	
Fjellvåk	<i>Buteo lagopus</i>	D	X	X	X	
Kongeørn	<i>Aquila chrysaetos</i>	D	X	1-2 par	X	X
Fiskeørn	<i>Pandion haliaetus</i>	O	(x)		(x)	
Tårfalk	<i>Falco tinnunculus</i>	D	X	X	X	(xx)
Dvergfalk	<i>Falco columbarius</i>	D	X	X	X	(xx)
Jaktfalk	<i>Falco subbuteo</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Vandrefalk	<i>Falco peregrinus</i>	B	(xx)		(xx)	(xx)

#### HØNSEFUGLAR

Lirype	<i>Lagopus lagopus</i>	D	X	X	X	X
Fjellrype	<i>Lagopus mutus</i>	D	X	X	X	X
Orrfugl	<i>Tetrao tetrix</i>	D	XX	XX	XX	XX
Storfugl	<i>Tetrao urogallus</i>	D	X	X	X	X
Vaktel	<i>Perdix perdix</i>	O		(x)		
Fasan	<i>Phasianus colchicus</i>	O	(x)	(x)	(x)	(x)

#### TRANEFUGLAR

Vannrikse	<i>Rallus aquaticus</i>	C	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Myrrikse	<i>Porzana porzana</i>	B		(xx)	(xx)	
Åkerrikse	<i>Crex crex</i>	C*	(x)	(x)	(x)	
Sivhøne	<i>Gallinula chloropus</i>	B	(xx)	(x)	(xx)	(xx)
Sothøne	<i>Fulica atra</i>	B	(xx)		(xx)	(xx)

#### VADEFUGLAR

Tjeld	<i>Haematopus ostralegus</i>	D	XX	XX	XX	(x)
Sandlo	<i>Charadrius hiaticula</i>	O	(xx)		(xx)	
Heilo	<i>Pluvialis apricaria</i>	D	X	X	X	
Tundralo	<i>Pluvialis squatarola</i>	O			(xx)	
Vipe	<i>Vanellus vanellus</i>	D	XX	XX	XX	(xx)
Polarsnipe	<i>Calidris canutus</i>	O			(xx)	

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
Sandløpar	<i>Calidris alba</i>	O			(x)	
Dvergsnipe	<i>Calidris minuta</i>	O			(xx)	
Tundrasnipe	<i>Calidris ferruginea</i>	O			(xx)	
Fjørreplitt	<i>Calidris maritima</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Myrsnipe	<i>Calidris alpina</i>	O	(xx)		X	(xx)
Brushane	<i>Philomachus pugnax</i>	O	X		X	
Enkeltbekkasin	<i>Gallinago gallinago</i>	D	XX	XX	XX	X
Dobbeltbekkasin	<i>Gallinago media</i>	O			(x)	
Rugde	<i>Scolopax rusticola</i>	D	XX	XX	XX	X
Lappspove	<i>Limosa lapponica</i>	O	(x)		(xx)	
Småspove	<i>Numenius phaeopus</i>	O	(xx)		(xx)	
Storspove	<i>Numenius arquata</i>	D	X	X	X	
Sotsnipe	<i>Tringa erythropus</i>	O			(xx)	
Raudstilk	<i>Tringa totanus</i>	D	XX	XX	XX	(x)
Gluttsnipe	<i>Tringa nebularia</i>	O	(xx)		(xx)	
Skogsnipte	<i>Tringa ochropus</i>	O			(xx)	(xx)
Grønstilk	<i>Tringa glareola</i>	O			(x)	(x)
Strandsnipe	<i>Actitis hypoleucos</i>	D	XX	XX	XX	
Steinvendar	<i>Arenaria interpres</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	
<b>JOAR, MÅSAR OG TERNER</b>						
Tjuvjo	<i>Stercorarius parasiticus</i>	D	(xx)	X	(xx)	
Storjo	<i>Stercorarius skua</i>	O	(x)	(x)	(x)	
Dvergmåse	<i>Larus minutus</i>	O			(x)	
Hettemåse	<i>Larus ridibundus</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Fiskemåse	<i>Larus canus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Sildemåse	<i>Larus fuscus</i>	D	XX	XX	XX	
Gråmåse	<i>Larus argentatus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Grønlandsmåse	<i>Larus glaucopterus</i>	O	(x)			
Polarstående	<i>Larus hyperboreus</i>	O			(x)	(x)
Svartbak	<i>Larus marinus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Krykkje	<i>Rissa tridactyla</i>	O			(x)	(x)
Splitterne	<i>Sterna sandvicensis</i>	O	(x)			
Makrellterne	<i>Sterna hirundo</i>	D			XX	
Raudnebbterne	<i>Sterna paradisaea</i>	D			XX	
<b>ALKEFUGLAR</b>						
Lomvi	<i>Uria aalge</i>	O	X		X	X
Alke	<i>Alca torda</i>	O	(xx)	(x)	(xx)	(xx)
Teist	<i>Cephus grylle</i>	D*	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Alkekonge	<i>Alle alle</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Lunde	<i>Fratercula arctica</i>	O	(xx)		(x)	
<b>SANDHØNS</b>						
Steppehøne	<i>Syrrhaptes paradoxus</i>	O	(x)			
<b>DUER</b>						
Bydue	<i>Columba livia</i>	D	X	X	X	X
Ringdue	<i>Columba palumbus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Tyrkerdue	<i>Streptopelia decaocto</i>	D	X	X	X	X
Turteldue	<i>Streptopelia turtur</i>	O		(x)		
<b>GAUKFUGLAR</b>						
Gauk	<i>Cuculus canorus</i>	D		X		
<b>UGLER</b>						
Hubro	<i>Bubo bubo</i>	D	X	X	X	X
Snøugle	<i>Nyctea scandiaca</i>	O				
Haukugle	<i>Surnia ulula</i>	O	(x)		(x)	(x)
Kattugle	<i>Strix aluco</i>	D	XX	XX	XX	XX

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
Hornugle	<i>Asio otus</i>	O	(x)		(x)	(x)
Jordugle	<i>Asio flammeus</i>	O	(x)		(x)	
Perleugle	<i>Aegolius funereus</i>	O	(x)		(x)	
<b>SEGLARAR</b>						
Tårnseglar	<i>Apus apus</i>	D		X		
<b>RÅKEFUGLAR</b>						
Isfugl	<i>Alcedo atthis</i>	O	(x)			
Hæfugl	<i>Upupa epops</i>	O			(x)	
<b>SPETTEFUGLAR</b>						
Vendehals	<i>Jynx torquilla</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	
Gråspett	<i>Picus canus</i>	D	X	X	X	X
Grønspett	<i>Picus viridis</i>	D	X	X	X	X
Flaggspett	<i>Dendrocopos major</i>	D	X	X	X	X
Kvitryggspett	<i>Dendrocopos leucotos</i>	D	X	X	X	X
Dvergspett	<i>Dendrocopos minor</i>	D	X	X	X	X
<b>SPORVEFUGLAR</b>						
Songlerke	<i>Alauda arvensis</i>	D	X	X	X	
Sandsvale	<i>Riparia riparia</i>	D*		(x)		
Lävesvale	<i>Hirundo rustica</i>	D	X	X	X	
Amursvale	<i>Hirundo daurica</i>	O		(x)		
Taksvale	<i>Delichon urbica</i>	D	X	XX	X	
Trepiplerke	<i>Anthus trivialis</i>	D	XX	XX	XX	
Heipiplerke	<i>Anthus pratensis</i>	D	XX	XX	XX	(xx)
Skjærpiplerke	<i>Anthus petrosus</i>	D	X	X	X	X
Gulerle	<i>Motacilla flava</i>	O				
Sørlig gulerle	<i>M. f. flava</i>			(x)		
Såerle	<i>M. f. thunbergii</i>			(xx)		(xx)
Vintererle	<i>Motacilla cinerea</i>	O	(x)			(x)
Linerle	<i>Motacilla alba</i>	D				
Linerle	<i>M. a. alba</i>			X	XX	XX
Svartryggerle	<i>M. a. yarrellii</i>			(x)	(x)	(x)
Sidensvans	<i>Bombycilla garrulus</i>	O			X	X
Fossekall	<i>Cinclus cinclus</i>	D	X	5-10 par	X	X
Gjerdesmett	<i>Troglodytes troglodytes</i>	D	XXX	XXX	XXX	X
Jernsporv	<i>Prunella modularis</i>	D	XX	XX	XX	(xx)
Raudstrupe	<i>Erithacus rubecula</i>	D	XXX	XXX	XXX	X
Raudstjert	<i>Phoenicurus phoenicurus</i>	D	X	X	X	
Busksvett	<i>Saxicola rubetra</i>	D	X	X	X	
Svartstrupe	<i>Saxicola torquata</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	
Steinskvett	<i>Oenanthe oenanthe</i>	D	X	X	X	
Ringtrast	<i>Turdus torquatus</i>	D	X	X	X	
Svartrast	<i>Turdus merula</i>	D	XXX	XXX	XXX	XX
Gråtrast	<i>Turdus pilaris</i>	D	XX	XX	XX	X
Måltrast	<i>Turdus philomelos</i>	D	XX	XX	XX	(xx)
Raudvenetrast	<i>Turdus iliacus</i>	D	XXX	XXX	XXX	X
Duetrast	<i>Turdus viscivorus</i>	O				(x)
Grashoppesongar	<i>Locustella naevia</i>	B	(x)	(x)		
Sivsongar	<i>Acrocephalus schoenobaenus</i>	D	X	X	X	
Gulsongar	<i>Hippolais icterina</i>	B	X	X	X	
Møllar	<i>Sylvia curruca</i>	C	(xx)	(xx)	(xx)	
Tornsongar	<i>Sylvia communis</i>	D	X	X	X	
Hagesongar	<i>Sylvia borin</i>	B	X	X	X	
Munk	<i>Sylvia atricapilla</i>	D	XX	XX	XX	(x)
Bøksongar	<i>Phylloscopus sibilatrix</i>	B	(x)	(x)		
Gransongar	<i>Phylloscopus collybita</i>	D	XX	XX	XX	
Lauvsongar	<i>Phylloscopus trochilus</i>	D	XXX	XXX	XXX	

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
Fuglekonge	<i>Regulus regulus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Gråflugesnappar	<i>Muscicapa striata</i>	D	X	X	X	
Svartkvitflugesnappar	<i>Ficedula hypoleuca</i>	D	XX	XX	XX	
Stjertmeis	<i>Aegithalos caudatus</i>	D	X	X	X	X
Lauvmeis	<i>Parus palustris</i>	D	X	X	X	X
Granmeis	<i>Parus montanus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Toppmeis	<i>Parus cristatus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Svartmeis	<i>Parus ater</i>	D	X	X	X	X
Blåmeis	<i>Parus caeruleus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Kjøtmeis	<i>Parus major</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Spettmeis	<i>Sitta europaea</i>	D	X	X	X	X
Trekrypar	<i>Certhia familiaris</i>	D	X	X	X	X
Tornskate	<i>Lanius collurio</i>	D	(x)	(x)		
Varslar	<i>Lanius excubitor</i>	O				(x)
Nøtteskrike	<i>Garrulus glandarius</i>	D	X	X	X	X
Skjor	<i>Pica pica</i>	D	XX	XX	XX	XX
Nøttekråke	<i>Nucifraga caryocatactes</i>	O			(x)	(x)
Kiae	<i>Corvus monedula</i>	B	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Kornkråke	<i>Corvus frugilegus</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Kråke	<i>Corvus cornix</i>	D	XX	XX	XX	XX
Svartkråke	<i>Corvus corone</i>	O	(x)			
Ramn	<i>Corvus corax</i>	D	X	X	X	X
Stare	<i>Sturnus vulgaris</i>	D	XX	XX	XX	X
Rosenstare	<i>Sturnus roseus</i>	O			(x)	
Gråsporv	<i>Passer domesticus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Pilfink	<i>Passer montanus</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Bokfink	<i>Fringilla coelebs</i>	D	XXX	XXX	XXX	(xx)
Bjørkefink	<i>Fringilla montifringilla</i>	D	X	X	X	(xx)
Grønfink	<i>Carduelis chloris</i>	D	XX	XX	XX	X
Stillits	<i>Carduelis carduelis</i>	O			(xx)	(xx)
Grønsisik	<i>Carduelis spinus</i>	D	X	X	X	X
Tornirisk	<i>Carduelis cannabia</i>	C	X	X	X	X
Bergirisk	<i>Carduelis flavirostris</i>	D	X	X	X	X
Brunsisik	<i>Carduelis cabaret</i>	D	XX	XX	XX	X
Gråsisik	<i>Carduelis flammea</i>	D	X	X	X	X
Polarsisik	<i>Carduelis hornemannii</i>	O	(x)			
Bandkorsnebb	<i>Loxia leucoptera</i>	O				(xx)
Grankorsnebb	<i>Loxia curvirostra</i>	D	X	X	X	X
Furukorsnebb	<i>Loxia pytyopsittacus</i>	D	X	X	X	X
Dompap	<i>Pyrrhula pyrrhula</i>	D	X	X	X	X
Kjernebitar	<i>Coccothraustes</i>	O	(x)			(x)
Lappsporv	<i>Calcarius lapponicus</i>	O	(xx)		(xx)	
Snøsporv	<i>Plectrophenax nivalis</i>	C	(xx)	X	(xx)	(xx)
Kvithodesporv	<i>Emberiza leucocephalos</i>	O	(x)			(x)
Gulsporv	<i>Emberiza citrinella</i>	D	X	(xx)	X	X
Sivsporv	<i>Emberiza schoeniclus</i>	D	X	X	X	

## PATTEDYR

### INSEKTETARAR

Piggsvin	<i>Erinaceus europaeus</i>	D	XX	XX	XX	i dvale
Vanlig spissmus	<i>Sorex araneus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Dvergspissmus	<i>Sorex minutus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX

### FLAGGERMUS

Vannflaggermus	<i>Myotis daubentonii</i>	C	XX	XX	XX	i dvale
Nordflaggermus	<i>Eptesicus nilssonii</i>	C	XX	XX	XX	i dvale
Dvergflaggermus	<i>Pipistrellus pygmaeus</i>	C	XX	XX	XX	i dvale

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
<b>ROVDYR</b>						
Raudrev	<i>Vulpes vulpes</i>	O	(x)	(x)	(x)	(x)
Mink	<i>Mustela vison</i>	D	XX	XX	XX	XX
Røyskatt	<i>Mustela erminea</i>	D	X	X	X	X
Mår	<i>Martes martes</i>	D	X	X	X	X
Oter	<i>Lutra lutra</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
<b>SELAR</b>						
Steinkobbe	<i>Phoca vitulina</i>	O	X	X	X	X
Havert	<i>Halichoerus grypus</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
<b>HJORTEDYR</b>						
Hjort	<i>Cervus elaphus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Elg	<i>Alces alces</i>	O	(x)	(x)	(x)	(x)
<b>HAREDYR</b>						
Hare	<i>Lepus timidus</i>	D	XX	XX	XX	XX
<b>GNAGARAR</b>						
Ekorn	<i>Sciurus vulgaris</i>	D	XX	XX	XX	XX
Brunrotte	<i>Rattus norvegicus</i>	C	X	X	X	X
Lita skogmus	<i>Apodemus sylvaticus</i>	?	XXX	XXX	XXX	XXX
Markmus	<i>Microtus agrestis</i>	?	XXX	XXX	XXX	XXX
Klatremus	<i>Clethrionomys glareolus</i>	?	XX	XX	XX	XX


## 12. KART

Alle kommunar har informasjonen frå viltkartlegginga på digital form. På denne måten kan kommunen sjølv framstille temakart etter behov. I nokre samanhengar kan det vere praktisk å ha viltkart i plotta utgåve. Ved plotting og t.d. ved framstilling av viltinformasjon i kommuneplanen sin arealdel er det vanleg praksis å dele informasjonen i fire tema: 1) Småvilt, 2) Hjortevilt, 3) Opplysningar unntake offentlegheit og 4) Prioriterte viltområde.

I denne viltrapporten er berre hjorteviltkartet og kartet over prioriterte viltområde vedlagt. Prioriteringskartet er framstilt på grunnlag av dei andre temakarta og nokre område er justerte ved fagleg skjøn på grunnlag av opplysningar om fåtalige og sårbare artar og kunnskap om dei aktuelle artane sine krav til leveområde.


Med unntak av opplysningane som er unntake offentlegheit (t.d. hekkeplassar for enkelte trua og sårbare artar), er underliggende opplysningar allment tilgjenge på Internet, i Naturbasen på Direktoratet for naturforvalting sine heimesider: [www.naturforvaltning.no](http://www.naturforvaltning.no)





Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavd.  
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50), NIJOS/Geovest (DMK)





Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavd.  
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50), NIJS/Geovekst (DMK)





ISBN 82-8060-028-0  
ISSN 0804-6387